

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Bremanger kommune

Utval: Kontrollutvalet - Bremanger kommune  
Møtedato: 19.10.2012  
Møtetid: 09.00  
Stad: Formannskapsalen  
Møtenr.: 04/2012  
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.  
-andre:  
Melding til: Ordførar(møte- og talerett), revisor(møte- og talerett) og vararepresentantar (Vararepresentantar møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller 57 72 22 90 eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no)


### SAKLISTE


Sak 020/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.  
Sak 021/12 Skriv og meldingar.  
Sak 022/12 Budsjett 2013 for drift av kontrollutvalet.  
Sak 023/12 Plan for selskapskontroll 2012 – 2016.  
Sak 024/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – merknader – Bremanger.

Svelgen 11.10.2012

for kontrollutvalet i Bremanger

Harry Gulestøl (s)  
Leiar

  
Asgeir Tveit

 **SEKOM-sekretariat**  
Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 020/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 09.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.10.2012	020/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## 021/12 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 09.10.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.10.2012	021/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- SM 29-12 Revisjonsuttale – Spelemiddelrekneskapen for Svelgen stadion – Friidrettsanlegg, datert 24.08.2012.
- SM 30-12 Brev frå Kryss revisjon til Bremanger kommune om arbeidsretten sin dom, 15. mai 2008 «Sandefjorddommen» - Tolking av avlønning mv, datert 25.06.2012.
- SM 31-12 Brev med vedlegg rå Bremanger kommune til Kryss revisjon om Arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008 – Tolking av avlønning.
- SM 32-12 Revisjonsuttale for sluttrekneskapen for investeringsprosjekt trafikktryggleiksmidlar, datert 31.05.2012.
- SM 33-12 Brev frå Kryss revisjon til Bremangerkommune v/forhandlingsutvalet om revisjonssamarbeid med Kryss revisjon, datert 21.09.2012.
- SM 34-12 Vedtak kst sak 069/12 Bremanger kommune – rekneskap 2011 – godkjenning.
- SM 35-12 Vedtak kst sak 067/12 Frøysjøterminalen KF – rekneskap 2011 – godkjenning.
- SM 36-12 Vedtak kst sak 065/12 Bremanger Hamn og Næring KF – rekneskap 2011 – godkjenning.
- SM 37-12 Vedtak kst sak 066/12 Bremangerhallen – rekneskap 2011 – godkjenning.
- SM 38-12 Vedtak kst sak 068/12 Svelgen idrettshus – rekneskap 2011 – godkjenning.
- SM 39-12 Økonomirapport 1/2012 for Bremanger kommune.
- SM 40-12 Tilsynsrapport frå Fylkesmannen av 19.04.2012 – Rapport frå tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A ved Bremanger sjukeheim.
- SM 41-12 Tilsynsrapport frå Fylkesmannen av 10.05.2012 – Rapport frå tilsyn med særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen skuleåret 2011/12 – Svelgen oppvekstsenter.
- SM 42-12 Tilsynsrapport frå Fylkesmannen av 28.06.2012 – Rapport frå tilsyn etter barnehagelova.
- SM 43-12 Retningsliner for oppfølging og avslutninga av tilsyn ved lovbrøt.
- SM 44-12 Skriv revisorsak.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Bremanger Kommune  
v/Rådmannen  
6723 Svelgen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/bremanger/spelem.rek./tv12

Arkivkode:

212D11

Journalnr.:

052/2012

Dokumentdato:

24.08.2012

**REVISJONSUTTALE – SPELEMIDDELREKNESKAPEN FOR 1438 BREMANGER  
KOMMUNE, Anleggsnr 1438000105 "Svelgen stadion-Friidrettsanlegg".**

Rekneskapen for ovannevnte nærmiljøanlegg har vore førelagt kommunerevisjonen i Bremanger kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala kring slik rapportering. Vårt oppdrag er utført i samsvar med «ISRS 4400, Avtala kontrollhandlingar». Revisjonshandlingane er utført for å bistå kommunen og fylkeskommunen i vurderinga av riktigheita av rekneskapen og for at anlegget er i samsvar med Kulturdepartementet sine retningslinjer i Rundskriv V-0732.

Vi vil oppsummere vårt arbeide slik:


Det ligg føre rekneskapsamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet av 23.07.2012. Rekneskapsamandraget viser ein totalkostnad på kr 3 369 053,-. I rekneskapsamandraget er det oppgjeve 3 forskjellige summer på konto for gåver, rabattar og dugnad. *Under finansiering av anlegget, budsjett* kr 437 500,-, *under rekneskap* kr 535 000,- og *under utgifter, budsjett* står det oppført kr 297 500,-. Vi har ikkje mottatt søknadsdokument *søknad om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* av Bremanger kommune.

Under utgifter Sum totalverdi 1+2+3 er det oppført i budsjett kr 4 391 628,- medan det i rekneskapen er oppført sum totalverdi kr 3 369 053,-

Vi har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- inntekter og kostnader vedrørande anlegget, herunder at berre utgifter til tilskotsberettiga element inngår som del av dei tilskotsberettiga kostnadene,
- oppgjeve beløp for meirverdiavgift tilsvarar faktisk betalt meirverdiavgift,
- utgifter er attestert og anvist av personer med de nødvendige fullmakter,
- inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget er foreteke frå den konto som er oppgjeve for dette føremål,
- det er eit klart skilje mellom byggjerekneskapen for anlegget og den øvrige drifta.
- verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med retningslinjene for verdsettinga av desse postane, og i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen, jfr våre merknader ovanfor.
- dersom det er betalt for arbeid eller material (ytingar) som i søknaden var oppført som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneskapen nedjustert med tilsvarande beløp,
- rekneskapsamandrag, som sendes fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen.
- Kontroll av om det er krevd frådrag for inngåande meirverdiavgift.
- Summen av kontantutgifter og fastsatt verdi av gåver, dugnad og rabattar (tilskots berettiga utgifter), utgjør sluttkostnad for anlegget, jfr. det som er nemnt ovanfor





Utover det vi har nemnt i tredje avsnitt ovanfor, har ikkje vi ytterlegare kommentarar til sluttrekneskapen. Vi har gjeve vår påteikning på rekneskapsrapporteringa, med visning til denne melding, og reknar med at kommunen tek rekneskaps saka vidare til fylkeskommunen og dei instansar som elles er berørt i saka.

Medhelsing  
**KEYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
FYRRE SOGN OG FJELLKOMMUNER  
  
Trine Vokuhl  
Kommunerevisor 1

Vedlegg:  
Rekneskapsamandrag  
Tilsagnsbrev

KOPI: Sogn og Fj. Fylkeskommune - Kulturavdelinga  
Kultursjef Bremanger E. Frøysland  
Kontrollutvalet i Bremanger  
Økonomiavd.  
STIF

## Rekneskapsamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Anlegg:	Svelgen stadion-Fridrettsanlegg	Anleggsnr.:	1433000105
Anleggsseigar:	Svelgen Turn og kretsforening	Kommune:	Brenanger
Rekneskapen er	<input checked="" type="checkbox"/> Dekkingskap <input type="checkbox"/> Sluttrekneskap	for perioden frå	01.01.2009
		til	31.12.2009
Svelgen Stad		Dato	23.07.2012
 Underskrift anleggsseigar			
Anlegget er fullført i samsvar med planen		Dato	23.07.2012
Svelgen Stad		Dato	24.08.12
Rekneskapen er kontrollert. Revisorattest er vedlagt.  Stad			
 SVELGEN TURN OG KRETSFORENING 1433 000105			
 KRYSS REVYSEN 1433 000105 Stempel og underskrift revisor			

### Finansiering av anlegget

	Budsjett i søknaden	Rekneskap
Tilskot av spellemlåne (utbetalt)	700.000	
Egenkapital	1.400.000	1.400.000
Kommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)	400.000	400.000
Fykeskommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)		
Private tilskot, kontantar		
Andre tilskot	515.968	105.000
Lån	651.910	228.050
<b>Sum kontantinntektar</b>	<b>3.697.878</b>	<b>2.134.050</b>
Gåver, rabattar	102.500	
Dugnad	335.000	335.000
<b>Sum samla finansiering i søknaden</b>	<b>4.105.378</b>	
Ikke utbetalte spellemlån		700.000

Andre utestående fordringer	
<b>Sum samla finansiering i rekneskapen</b>	<b>3 389 053</b>

Kulturdepartement  
 Idrettsavdelingen  
 Postboks 8030 Dep, 0630 Oslo  
 Telefon 22 24 80 64  
 Telefaks 22 24 95 52  
[postmottak@kug.dep.no](mailto:postmottak@kug.dep.no)



**KULTURDEPARTEMENTET**



Namn på anlegget: Sveken stadions-Fridrettsanlegg  
 Anleggsnr.: 1438000105

**Utgiftar**  
 Hovedpostene i rekneskapen skal vere del same som postane i det godkjende budsjettet.  
 Tala fra kostnadsverslaget først inn.

Hovedpost	Budsjett i søknaden		Rekneskap		Betalt mv.	Sum betalte utgifter	Verdi av dugnad, gaver og rabattar	Sum totalverdi
	1) Sum kjøpte varer og tenester	2) Mva. på kjøpte varer og tenester	3) Kjøpte varer og tenester	4) Verdi av dugnad, gaver og rabattar				
<b>Utgifter som gir rett til tilskot</b>								
1) Riggverft-anlegg	50 000	125 000	77 500	17 515	2 378	21 894	75 000	96 894
2) Sminnebeholdning	1 365 000	341 325	1 781 628	775 726	184 182	970 908	139 000	1 168 908
3) Kunststoff/Asfalt	1 830 000	457 500	2 382 500	650 720	162 850	813 400	128 000	941 400
4) DOK fast utstyr	50 000	7 500	45 000				18 000	18 000
5) Administrasjon			125 000	10 000	2 500	12 500	115 000	127 500
6) Materiala.			0	812 282	203 069	1 015 351		1 015 351
7)						0		0
8)						0		0
9)						0		0
10)						0		0
11)						0		0
12)						0		0
13)						0		0
14)						0		0
15)						0		0
16)						0		0
17)						0		0
18)						0		0
19)						0		0
20)						0		0
21)						0		0
22)						0		0
23)						0		0
24)						0		0
25)						0		0
26)						0		0
27)						0		0
28)						0		0
29)						0		0
30)						0		0
<b>Sum</b>	<b>3 275 000</b>	<b>818 825</b>	<b>4 391 628</b>	<b>2 287 243</b>	<b>566 810</b>	<b>2 834 053</b>	<b>535 000</b>	<b>3 369 053</b>
<b>Utgifter som ikkje gir rett til tilskot</b>								
1)								
2)								
3)								
4)								
5)								
6)								
7)								
B)								

9																			
10																			
11																			
12																			
13																			
14																			
15																			
Sum																			
<b>Samla utgifter</b>							4 291 828										2 834 063		3 368 053

Felt som skal fyllest ut ved søknad om mva-kompensasjon:

Belatt mva.*	
Frådragsgodkjend mva.*	
Mva. det kan søkjast om kompensasjon for	0

\* Belatt mva. for utgifter som gir rett til friskot

\* Frådragsgodkjend mva. er inngåande mva. som kan førest som frådtrag i det ordinære avgiftsoppgjoret for dei søkjarane som er registrert i mva-registret



Svelgen T&IF  
POSTBOKS 183  
6721 SVELGEN

25.05.2010

Deres ref.:

Saksbehandler:  
Bjarte Solaas

Søknadsnr: 09/03816

Arkiv nr:

**FORDELING AV MIDLAR TIL IDRETTSANLEGG 2010 - TILSEGN OM ORDINÆRE  
MIDLER TIL ANLEGGSNR 1438000105 SVELGEN STADION-FRIIDRETTSANLEGG -  
BRÉMANGER KOMMUNE.**

Vi viser til søknad om tilskot til nemnde anlegg.

Ved fordeling av spelemidler vart søknaden imøtekomen med eit tilskot på  
kr 700 000.

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Det kan søkjast om delutbetaling når anleggsarbeida er kome godt i gang. Søknad om delutbetaling må innehalde eit delrekneskap og ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.
2. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoen på tilsegnsbrevet, vert inndrege.
3. Sluttutbetaling vert ikkje gjort før kontrollert rekneskap er sendt inn saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. Kommunerevisor må kontrollere rekneskap over kr 100.000,-. For kart skal i tillegg eit eksemplar av kartet leggjast ved.
4. Alle utbetalingar skjer via den kommunen der anlegget er fysisk plassert.
5. Dersom det gjeld fornying av søknad, skal denne leverast på elektronisk skjema. Orientering om byggearbeidet og førebels rekneskapsoversikt skal leggjast med, sjå V-0732. Dersom anlegget er ferdigstilt, skal kontrollert rekneskap leggjast ved søknaden.

Vidare viser vi til føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732.


**Klagerett:**

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kultur- og kyrkjedpartementet for endeleg avgjerd.

Klageskjema finn ein på sida <http://www.signform.no/dss/>

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
fylkesdirektør



Bjarte Solaas  
rådgiver

Kopi: Bremanger kommune



Bremanger kommune

Postboks 104  
6721 SVELGEN

**Bremanger - utsetjing av frist for innsending av revidert rekneskap på  
spelemidlar**

**Anl.nr: 1438 0001 05 Svelgen stadion, friidrettsanlegg**

Vi har motteke søknad om utsetjing av frist for innsending av revidert rekneskap på spelemidlar til nemnde anlegg.


Anlegget fekk tilsegn om kr 700 000 av ordinære midlar til ordinære anlegg i 2010.


Kulturavdelinga gjev utsetjing av fristen til 01.08.12.

Lukke til vidare med arbeidet!

Med helsing

Ingebjørg Erikstad (sign)  
fylkesdirektør

  
Hildegunn Aamot Dahl  
konsulent



SM 30-12



Dagleg leiar/  
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
[terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)  
[postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Kopi: Kontrollutvalet ✓

Bremanger kommune  
Rådmannen

6723 SVELGEN

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	«Sandefjorddommen»	50	049 / 2012	25. juni 2012

### Arbeidsretten sin dom, 15. mai 2008 "Sandefjorddommen" – Tolking av avlønning mv.

Som følgje av ein del saker som har kome opp i våre kommunar, ønskjer vi å gjere kommunen merksam på verknadene av Arbeidsretten sin dom av 15.05.2008, 'Sandefjorddommen', og vi viser i den samanheng til KS sitt B-rundskriv 9/2008, og også til Arbeidsretten sin dom av 16.12.2010, vedr. det same. Vi ser det som viktig at kommunen er innforstått med korleis dette skal praktiserast, og vi vil derfor informere om og presisere følgjande:

Dersom ein arbeidstakar har fleire deltidsstillingar hos same arbeidgjevar, må arbeidstida sjåast under eitt. Dette følgjer av Arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008. For nærmare beskrivelse av dommen sjå KS sitt B-rundskriv nr 9/2008. Arbeidstida er individuell og må vurderast konkret for den einskilde arbeidstakar. Korvidt arbeidstakaren har rett til redusert arbeidstid til 35,5 t/veke, avgjer ein ut frå ei konkret vurdering av den samla arbeidsbelastning for arbeidstakaren. Det følgjer av nemnde dom at dersom ei av deltidsstillingane kvalifiserer for redusert arbeidstid, dvs. 35,5 t/veke, skal arbeidstakaren også ha redusert arbeidstid for den/dei andre deltidsstillinga/-ane. Det er ingen nedre grense for stillingsstorleik, så lenge det er eit fast forpliktande arbeidforhold som kjem inn under hovudtariffavtalen (HTA) Kap. 1, pkt. 1.1.

#### Eksempel 1

*Arbeidstakar er fast tilsett og har ein stillingsstorleik på 15 prosent og jobbar kvar tredje søndag på sjukeheimen. Dette gjev rett til redusert arbeidstid, og arbeidstida skal reknast ut frå 35,5 t per veke. Arbeidstakar har i tillegg ein 50 prosent stilling som assistent i SFO, der arbeidstida i utgangpunktet blir rekna ut frå 37,5 t/veke. I og med at arbeidstida skal sjåast under eitt for den einskilde arbeidstakar, medfører det imidlertid at denne arbeidstakar vil ha rett til redusert arbeidstid også for arbeidet i SFO.*

#### Arbeidstid for deltidstilsette som tek ekstravakter:

I forlengelse av Arbeidsretten sin dom av 15.mai 2008 kom Arbeidsretten sin dom av 16. desember 2010. Begge dommane i Arbeidsretten inneber at ekstavakter må vurderast både opp mot den faste stillinga og den arbeidstidsordninga der ein arbeidstakar går ekstravakter, sjå HTA, pkt 12.3, andre ledd. Den ordninga der arbeidstakaren kjem best ut, må leggest til grunn; jfr. KS' *Kommunenes Personalhandbok* for 2012, side 82-83.

Vi tek med eitpar eksempler til:

Regionskontor for kommunane:  
Flora, Askvoll, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora  
Tlf. 57 75 60 97  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Regionskontor for kommunane:  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 85 47  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

*Eksempel 2*

*Arbeidstakar har eit fast tilsettingsforhold i kommunen med ei 30 prosent stilling på sjukeheimen med ein vekentleg arbeistid som er rekna ut frå 35,5 t per veke. I tillegg tek arbeidstakaren på seg ekstraarbeid i SFO ved behov, der arbeidstida blir rekna ut frå 37,5 t/veke. I og med at arbeidstida skal vurderast ut frå 30-prosentstillinga, medfører det at arbeidstakaren skal ha betalt etter timesatsen for 35,5 t når vedkomande påtek seg ekstraarbeidet i SFO.*

*Eksempel 3*

*Arbeidstakar har eit fast tilsettingsforhold i kommunen med ei 30 prosent stilling i SFO med ei vekentleg arbeidstid som er rekna ut frå 37,5 t per veke. I tillegg tek arbeidstakaren på seg ekstravakter på sjukeheimen i helgane. Den totale arbeidstida skal då i utgangspunktet vurderast ut frå det faste og forpliktande arbeidsforholdet arbeidstakaren har, dvs 30 prosent stilling i SFO. Det ville i utgangspunktet innebære at timeløna skulle reknast ut frå 37,5 t per veke. Men i og med at dei andre arbeistakarane på sjukeheimen har løn ut frå 35,5 t per veke, skal arbeidstakaren i medhold av HTA pkt 12.3, 2.ledd ha løn berekna ut frå 35,5 t for ekstravaktene. Dersom arbeidstakaren her har eit fast tilsettingsforhold på sjukeheimen, jfr. det som er nemnt ovanfor, ville vedkomande ha krav på løn etter 35,5 t/veke for heile tilsettingsforholdet; også det som gjeld SFO; jfr. eksempel 2 ovanfor.*

Dersom kommunen ikkje allereide har teke konsekvensane av dei dommar som ligg i Arbeidsretten kring avlønning av fast tilsette som også innehar eit arbeidsforhold som inneber deltidstilsetting (eks. ekstravakter), tør vi be om at kommunen merkar seg korleis dommene skal fortolkast og praktiserast. Vi reknar med at dette også vil kunne ha økonomiske og budsjettmessige konsekvensar dersom kommunen har utstrakt bruk av denne type tilsettingsforhold.

Arbeidsretten sine domsavsigelsar har medført at kommunar har måtte etterbetale til dels store beløp til arbeidstakarar. Vi legg ved kopi av KS-Rundskriv 9/2008. Arbeidsretten sine domsavgjerdslar kan vi oversende på førespurnad. Desse vil kommunen finne på heimesidene til KS og Arbeidsretten.

Vi ønskjer ei kort tilbakemelding frå rådmannen på korleis dette vert praktisert i kommunen.

Florø den 25. juni 2012

Med helsing

Kommunerevisjonen

Fjre Sogn og Sunnfjord

Postboks 487, 6801 Førde

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Sr 31-12



**BREMANGER KOMMUNE**  
**SENTRALADMINISTRASJONEN**

Kryss Revisjon  
Postboks 6801

6801 FØRDE

Vår ref.  
12/1570-1/K1-/TOM

Dykkar ref.

Dato:  
03.07.2012

**Arbeidsretten sin dom av 15. mai 2008 - Tolking av avlønning m.v.**

Eg syner til Dykkar brev av 25.06.2012.

Bremanger kommune har teke konsekvensane av dei dommar som ligg i Arbeidsretten kring avlønning av fast tilsette som også innehar eit arbeidsforhold som inneber deltidstilsetting.

Kommunen si praktisering er formidla til driftseiningane i Personalrundskriv nr. 4 -2009 (15.09.2009). Jf. vedlegg.

Med helsing



Tom Joensen  
rådmann

Vedlegg.

Kontoradresse:  
Rådhuset

6721 SVELGEN

Postadresse:  
Postboks 104

6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:

57 79 63 01

E-post / web:  
tom.joensen@bremanger.komm  
une.no  
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:  
3776.07.50035





# NOTAT LØN OG PERSONAL

**Frå:**  
Liv Marit Bøen

**Til:**  
Driftssjefane, Leiargruppa, Bremanger hamn  
og næring KF, Revisjon

**Dato:**  
15.09.09

## PERSONALRUNDSKRIV NR. 4 - 2009

### INFORMASJON OM ENDRING SOM GJELD ARBEIDSTID OG AVLØNNING TIL ARBEIDSTAKARAR MED FLEIRE DELTIDSSTILLINGAR.

Den 15. mai 2008 vart det avsagt dom i Arbeidsretten i ein tvist mellom KS/Sandefjord kommune og LO/Fagforbundet vedk. arbeidstid og avlønning for deltidstilsette.

Dommen er gjeldande tariffavtale med verknad frå dato for domsavsigelsen.

#### Kva konsekvensar har denne saka for oss?

1. Arbeidstida til ein arbeidstakar med fleire deltidstillingar hos same arbeidsgjevar skal sjåast under eitt. Dersom ei av deltidstillingane kvalifiserer til redusert arbeidstid (altså mindre enn 37,5 t/v), skal arbeidstakaren også ha redusert arbeidstid i den andre deltidstillinga. Dette gjeld uansett stillingsstorleik, dersom den tilsette har eit fast forpliktande arbeidstilhøve i kommunen, jfr. HTA kap. 1, pkt. 1.1.
2. Dersom ein deltidstilsett tek ekstravakter, skal han/ho ha ei timeløn som er rekna ut frå det vedkommande har i det faste arbeidstilhøvet.
3. Arbeidstakarar som ikkje har eit fast forpliktande arbeidstilhøve i kommunen, t.d. tilkallingsvikarar, skal ha timeløna rekna etter det årstimetalet som gjeld for heiltidstilsette innan same arbeidsområde. Det er HTA kap. 1, § 12, pkt. 12.4 som regulerer slike arbeidstilhøve.

#### Døme

##### Ad 1:

*Ein arbeidstakar har ei 50 % stilling på sjukeheimen, og det gjev rett til redusert arbeidstid. Arbeidstida skal reknast ut etter 35,5 t/v. Arbeidstakaren har i tillegg ei 50 % stilling i barnehagen, der arbeidstida i utgangspunktet er 37,5 t/v. I og med at arbeidstida skal sjåast under eitt for den einskilde arbeidstakar, skal denne arbeidstakaren ha redusert arbeidstid på begge arbeidsplassane, altså 35,5 t/v.*

**Ad. 2:**

*Ein arbeidstakar har ei 50 % stilling i barnehagen med ei arbeidstid rekna ut etter 37,5 t/v. Han/ho tek på seg ekstravakter ved sjukeheimen i helgane. Den totale arbeidstida skal vurderast ut frå det fast forpliktande arbeidstilhøvet (50 % stilling i barnehagen). Dette vil då seie at arbeidstakaren skal ha timeløna rekna ut frå 37,5 t/v når han/ho arbeider ved sjukeheimen.*

**Ad. 2:**

*Ein arbeidstakar har ei 50 % stilling ved sjukeheimen med ei arbeidstid rekna ut etter 35,5 t/v. Han/ho tek på seg ekstraarbeid i barnehagen. Den totale arbeidstida skal vurderast ut frå det fast forpliktande arbeidstilhøvet (50 % stilling ved sjukeheimen). Dette vil då seie at arbeidstakaren skal ha timeløna rekna ut frå 35,5 t/v når han ho/arbeider i barnehagen.*

**Ad 3.**

*Ein tilkallingsvikar blir tilkalt for å jobbe i barnehagen på onsdag. Dei som er heiltidstilsette i barnehagen har ei arbeidstid på 37,5 t/v, og vikaren får si timeløn fastsett etter denne satsen.*

*Søndag tek tilkallingsvikaren på seg ei ekstra vakt på sjukeheimen. Heiltidstilsette på sjukeheimen har ei arbeidstid på 35,5 t/v. Vikaren får ei timeløn på denne vakta ut frå timesatsen som gjeld for dei heiltidstilsette.*

Vi gjer merksam på at pkt. 3 gjeld berre for dei som er reine tilkallingsvikarar og ikkje har noko arbeidsavtale i botnen.

Når det gjeld lønstillegg for særskilt arbeidstid, t.d. laurdags- og søndagstillegg, helge- og høgtidstillegg og kvelds- og nattillegg, skal de nytte same bestemmelsane som dei fast tilsett vert godtgjort etter.

**Verknadstidspunkt/etterbetaling**

*Verknadstidspunktet er 15. mai 2008.*

Etterbetaling etter timeliste er alt utbetalt. Når det gjeld fastløn, er det ikkje etterbetalt noko til dei som har arbeidd for mange timar i veka.

Dersom de har tilsette som har ei anna stilling med ulik arbeidstid, må de endre vedkommande si arbeidstid, og finne ut kor mykje arbeidstid dei har til gode, attende til verknadstidspunktet.

Tilvising og endringmelding skal sendast til løns- og personalavdelinga.

Har de spørsmål om denne saka, ta kontakt med Grete F. Hennøy.

Bremanger kommune  
 Rådmannen  
 6723 SVELGEN

Dykkar ref.:  
 Sluttrekneskap/rapport/  
 Trafikktryggleiksmidlar11

Vår ref.:  
 \bremanger\prosjektreknesk/  
 trafikktryggleiksmidlar11

Arkivkode:  
 212Q8&14

Journalnr.:  
 043/2012

Dokumentdato:  
 31.05.2012

### SLUTTREGNSKAP FOR INVESTERINGSPROSJEKT TRAFIKKTRYGGLIEMIDLAR 2011 – 1438 BREMANGER KOMMUNE – REVISJONSUTTALE

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala for slikt oppdrag og som er lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med "ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å bistå kommunen og fylkeskommunen i vurderinga av riktigheita av at kostnadene i investeringsprosjektet som er avsluttet pr. november 2011..

Vi har kontrollert at:

- beskrivelsen av byggeprosjektet samsvarer med tilsagn, vedtak og budsjettføresetnader
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem det aktuelle prosjekt
- sluttregnskapet er avsluttet i samsvar kommunale økonomibestemmelsar og i samsvar med kommunestyret og fylkeskommunen sine vedtak/tilsagn om finansiering

Vårt arbeid har ikkje avdekket vesentlege feil eller avvik

Siden dei ovanforståande kontrollhandlingar korkje utgjør revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, gjev vi ikkje uttrykk for nokon sikkerheit for at informasjonen ikkje inneheld vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert. Vårt arbeid har likevel ikkje avdekket indikasjonar på at det ligg feilinformasjon i den økonomiske informasjon som går fram av det attesterte talmaterialet vi har påteikna i dag.

Vår uttale er utelukkande utarbeida for det føremål som er beskrive i første avsnitt, og skal ikkje brukast til noko anna føremål. Uttalen er kun meint å skulle distribuerast til kommunen/kommunestyret, kontrollutvalet og fylkeskommunen.

Det er vår oppfatning at det fylkeskommunale tilskotet til trafikktryggingstiltak på kr. 114 000,-, i Bremanger kommune, kan utbetalast i samsvar med tilsagn, og inntektsførast i dei aktuelle prosjekta.

Førø 31.05.12


**KRYSS REVISJON**  
 KOMMUNEREVISJONEN I  
 YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl  
 Kommunerevisor I

Vedlegg:  
 Attestert rekneskap

## Ferdigmelding med rekneskap, fylkeskommunale trafikktryggjingsmidlar for 2011

### Prosjekt Frøyen skule, hente-/bringesituasjon, planarbeid detaljregulering

Arbeid/kostnadsberar	sum	mva	sum inklusive mva
Kostnader til	Kr 2.231,25	Kr 557,81	Kr 2 790,-
konsulent-	Kr 29 898,75	Kr 7 474,69	Kr 37 374,-
tenester,	Kr 13 860,-	Kr 3 465,-	Kr 17 350,-
Nordplan AS,	Kr 18 060,-	Kr 4 515,-	Kr 22 575,-
alle	Kr 3 611,50	Kr 493,14	Kr 4 077,50
rader	Kr 26 557,88	Kr 6 639,48	Kr 33 198,-
<b>SUM</b>	<b>Kr 94 219,38</b>	<b>Kr 23 145,12</b>	<b>Kr 117 364,50</b>

### Prosjekt Breivika, offentlig parkeringsplass og veg, detaljprosjektering

Kostnader til	Kr 27 334,-		Kr 27 334,-
konsulent-	Kr 12 375,-	Kr 3 093,75	Kr 15 468,75
tenester,	Kr 27.333,-		Kr 27 333,-
Ivestconsult AS	Kr 27 333,-		Kr 27 333,-
<b>SUM</b>	<b>Kr 94 375,-</b>	<b>Kr 3 093,75</b>	<b>Kr 97 468,75</b>

Hfr revisjonsuttale 31.5.12  
Anne Vokulic  
 **KRYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOEN OG SUNNFJORD



KRYSS-revisjon

pb 487  
6801 FØRDE

**Vår ref.**  
10/2090-11/K2-Q80/IH

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
23.05.2012

### **Revisjon, trafikktryggjingsmidlar 2011**

Bremanger kommune fekk tildelt fylkeskommunale trafikktryggjingsmidlar for 2011 slik:

Kr 54.000,- til planarbeid, detaljreguleringsplan for hente-/bringesituasjon ved Frøyen skule, kostnadsreikna til kr 90.000,-.

Kr 60.000,- til planarbeid, detaljprosjektering offentleg parkering og veg i Breivika, Svelgen, kostnadsreikna til kr 100.000,-.

Tilskotet er utbetalt, etter melding om status og delvis ferdigmelding til vegvesenet i november 2011. Sia fekk vi utsett ferdigmeldingsfrist til 15.06.12.

Vedlagt er rekneskap for tiltaka, og vi bed med dette om revisjon.

Med helsing

Inger Hilde  
arealplanleggjar

kopi rådmann og driftssjef teknisk



Styreleiar: Trygve Jacobsen, Mobil: 41 53 07 30  
 Dagleg leiar/ Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
 Revisjonssjef: [terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)  
[postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)  
 Bank: 3705.08.27845  
 Org. nr.: 987 608 064 MVA

Bremanger kommune  
 Forhandlingsutvalet  
 Postboks 104  
 6721 SVELGEN

Kopi: Ordførar Karl Vidar Førde  
 Rådmann Tom Joensen

Dykkar ref.:  
 Møte 11.09.12

Vår ref.:  
 Møte 11.09.12

Arkivkode:  
 216/br

Journalnr.:  
 054/2012

Dokumentdato:  
 21. sept. 2012

### Ang. revisjonssamarbeid med KRYSS Revisjon

Det vert vist til møte den 11.09. d.å.

Styreleiar og nestleiar har drøfta saka på bakgrunn av nemnde møte, og kan gje følgjande tilbakemelding:

KRYSS Revisjon har sidan selskapet vart oppretta i 2005 hatt faste rutiner på utsending av engasjementsbrev til eigarkommunane. Engasjementsbrevet følgjer valperioden, og vert såleis sendt den einskilde kommune etter at kommunevalet for den aktuelle perioden er ferdig. For valperioden 2011 – 2015 vart engasjementsbrevet til Bremanger kommune sendt den 09.02.12 og stila til kommunen sitt kontrollutval med gjenpart til politisk leing v/ordførar og administrativ leiar v/rådmannen. KRYSS Revisjon følgjer på dette området såleis dei krav avtaleverket stiller og dei revisjonsstandardane som vert kravd. Engasjementsbrevet er handsama i kommunen sitt kontrollutvalet i møte den 27.02. d.å., under "Skriv og Melding" nr. "SM 04-12". Til orientering kan ein opplyse om at brevet ligg på kommunen si postliste som er offentleg tilgjengleg for ålmenta.

Engasjementsbrev til kommunane gjev ei råmeomtale av dei oppgåver som KRYSS Revisjon skal gjennomføre i løpet av valperioden, og legg derfor også føringar for disponering av våre revisorar i utføring av finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon. Det er ein omfattande prosess i KRYSS Revisjon ved utarbeiding av engasjementsbrev til dei 11 kommunane, når det gjeld bruk av selskapet sine personalressursar for valperioden. For inneverande valperiode er våre oppdragsgjevande revisorar engasjert ut i frå ein fagleg vurdering m.o.t. fordeling av oppdraga i dei ulike kommunane, og det er såleis ikkje aktuelt for selskapet å foreta ei endring av dette no. Bremanger kommune har i brev av 23.03.12 skriftleg gjeve tilkjenne for Samstyret, at kommunen ikkje har noko å utsette på kvaliteten på dei revisjonstenestene som KRYSS Revisjon leverer til kommunen.

Vi vil i den samanheng også syne til at KRYSS Revisjon er underlagt løpande eksternt tilsyn i tråd med regelverket for denne type verksemder, og det har aldri komme merknader på at kvaliteten på tenestene ikkje er i samsvar med regelverket. Dette syner at selskapets tilsette har ein høg fagleg standard og høg integritet i det arbeiet som vert utført i høve den einskilde kommune. Korleis selskapet skal bruk sine perosnalressursar for neste valperiode, vert først vurdert internt i selskapet i løpet av 2015.


Med dette ser KRYSS Revisjon seg ferdig med saka.

**Regionskontor for kommunane:**  
 Flora, Askvoll, Bremanger  
 Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
 Tlf. 57 75 60 97  
 E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

**Hovudkontor/regionskontor for kommunane:**  
 Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
 Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
 Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01  
 E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

**Regionskontor for kommunane:**  
 Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
 Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
 Tlf. 57 78 85 47  
 E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

Førde den 21.09.12

  
Trine Jacobsen  
styrelsjar



  
Jorunn Ringstad  
nestleiar



# BREMANGER KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	12.06.2012	113/12	RH
Kommunestyret	21.06.2012	069/12	RH

<b>Avgjerd av:</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr.:</b>
Saksansv.: Reidar Håvardstun	K1-	12/1227

### Bremanger kommune - rekneskap 2011 - godkjenning

#### Dokumentliste:

Rekneskap

Årsmelding

Revisjonsberetning

Uttale frå kontrollutvalet

#### Kva saka gjeld:

Godkjenning av rekneskap og årsmelding

#### Saksutgreiing:

Det er kontrollutvalet si oppgåve å gje uttale i rekneskapssaka, medan det er formannskapet som skal leggje rekneskapet og årsmelding fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

Rekneskapet for 2011 viser eit overskot på kr. 2.8 mill. Dette er i sin heilheit nytta til nedbetaling av tidlegare års underskot. Det akkumulerte underskotet per 31.12.2011 er kr. 179,3 mill.

Det vert vist til rekneskap, årsmelding, revisjonsberetning og uttale frå kontrollutvalet.



### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Den framlagde drifts-, kapital- og balanserekneskap, i utskrift per 31.12.2011, vert fastsett som Bremanger kommune sitt rekneskap for 2011, med dei kommentarane som er gjeve av administrasjon, revisjon og kontrollutval.
2. Årsmelding for 2011 av 31.03.2012 vert godkjend slik den ligg føre.
3. Disponeringane vert godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrift per 31.12.2011.
4. Akkumulert underskot vert å dekke i framtidige årsbudsjett, seinast innan 2018.
5. Bremanger kommune tek atterhald om rekneskapsføring av kortsiktig gjeld på følgjande konti inntil det er avklart om dette er rettmessig gjeldsforplikting:
  - konto 2322000 DnB Nor kr. 292.346.444
  - konto 2322001 Fokus bank kr. 39.248.659
  - konto 2322002 Depfa bank kr. 20.202.509

### **12.06.2012 Formannskapet**

#### **FSK-113/12 Vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

1. Den framlagde drifts-, kapital- og balanserekneskap, i utskrift per 31.12.2011, vert fastsett som Bremanger kommune sitt rekneskap for 2011, med dei kommentarane som er gjeve av administrasjon, revisjon og kontrollutval.
2. Årsmelding for 2011 av 31.03.2012 vert godkjend slik den ligg føre.
3. Disponeringane vert godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrift per 31.12.2011.
4. Akkumulert underskot vert å dekke i framtidige årsbudsjett, seinast innan 2018.
5. Bremanger kommune tek atterhald om rekneskapsføring av kortsiktig gjeld på følgjande konti inntil det er avklart om dette er rettmessig gjeldsforplikting:
  - konto 2322000 DnB Nor kr. 213.941.588
  - konto 2322001 Fokus bank kr. 69.754.417
  - konto 2322002 Depfa bank kr. 20.202.509

### **21.06.2012 Kommunestyret**

#### **KST-069/12 Vedtak:**

Samrøystes vedtak som framlegget frå Formannskapet.



# BREMANGER KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	12.06.2012	115/12	RH
Kommunestyret	21.06.2012	067/12	RH

<b>Avgjerd av:</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr.:</b>
<b>Saksansv.:</b> Reidar Håvardstun	K1-	12/1231

### Frøysjøterminalen KF - rekneskap 2011 - godkjenning

#### Dokumentliste:

Rekneskap

Årsmelding

Revisjonsberetning

Uttale frå kontrollutvalet

#### Kva saka gjeld:

Godkjenning av rekneskap 2011

#### Saksutgreiing:

Det er kontrollutvalet si oppgåve å gje uttale i rekneskapsaka, medan det er formannskapet som skal leggje rekneskapet fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

Rekneskapet for 2011 viser eit overskot på kr. 446.042,85. Overskotet er tilført eigenkapitalen.

Det vert vist til rekneskap, årsmelding, revisjonsberetning og uttale frå kontrollutvalet.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Dei framlagde rekneskapsutskrifter per 31.12.2011, vert fastsett som Frøysjøterminalen KF sitt rekneskap for 2011, med dei kommentarane som er gjeve av administrasjon, revisjon og kontrollutval.
2. Disponeringane vert godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrift per 31.12.2011.

### **12.06.2012 Formannskapet**

#### **FSK-115/12 Vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

1. Dei framlagde rekneskapsutskrifter per 31.12.2011, vert fastsett som Frøysjøterminalen KF sitt rekneskap for 2011, med dei kommentarane som er gjeve av administrasjon, revisjon og kontrollutval.
2. Disponeringane vert godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrift per 31.12.2011.

### **21.06.2012 Kommunestyret**

Harry Gulestøl og Per Helge Eikeland gjekk frå som ugilde.

#### **KST-067/12 Vedtak:**

Samrøystes vedtak som framlegget frå Formannskapet.



# BREMANGER KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	12.06.2012	114/12	RH
Kommunestyret	21.06.2012	065/12	RH

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Saksansv.: Reidar Håvardstun	K1-	12/1228

### Bremanger Hamn og Næring KF - rekneskap 2011 - godkjenning

#### Dokumentliste:

Rekneskap

Årsmelding

Revisjonsberetning

Uttale frå kontrollutvalet

#### Kva saka gjeld:

Godkjenning av rekneskap 2011

#### Saksutgreiing:

Det er kontrollutvalet si oppgåve å gje uttale i rekneskapsaka, medan det er formannskapet som skal leggje rekneskapet fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

Rekneskapet for 2011 viser eit underskot på kr. 57.924,11. Av dette utgjer overskot på hamn kr. 334.169,26 og underskot næring kr. 392.093,37.

Overskotet på hamn er i sin heilheit avsett til fond. Ein gjer framlegg om at underskotet på næring vert inndecka slik: Udisponert netto dr. res næring 2008 kr. 180.469,04 og udisponert netto dr. res

næring 2009 kr. 206.507,75. Resten av underskotet på kr. 5.116,58 må dekkast inn i rekneskapet for 2012.

Det vert vist til rekneskap, årsmelding, revisjonsberetning og uttale frå kontrollutvalet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Dei framlagde rekneskapsutskrifter per 31.12.2011, vert fastsett som Bremanger Hamn og Næring KF sitt rekneskap for 2011, med dei kommentarane som er gjeve av administrasjon, styre, revisjon og kontrollutval.
2. Overskot hamn kr. 334.169,26 vert avsett til udisponert netto dr. res kto 2595055.
3. Underskot næring kr. 392.093,37 vert inndecka slik: udisponert netto dr. res næring 2008 kr. 180.469,04 og udisponert netto dr. res næring 2009 kr. 206.507,75. Resten av underskotet på kr. 5.116,58 vert inndecka i rekneskapet for 2012.
4. Disponeringane vert godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrift per 31.12.2011.

.....

#### **12.06.2012 Formannskapet**

#### **FSK-114/12 Vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

1. Dei framlagde rekneskapsutskrifter per 31.12.2011, vert fastsett som Bremanger Hamn og Næring KF sitt rekneskap for 2011, med dei kommentarane som er gjeve av administrasjon, styre, revisjon og kontrollutval.
2. Overskot hamn kr. 334.169,26 vert avsett til udisponert netto dr. res kto 2595055.
3. Underskot næring kr. 392.093,37 vert inndecka slik: udisponert netto dr. res næring 2008 kr. 180.469,04 og udisponert netto dr. res næring 2009 kr. 206.507,75. Resten av underskotet på kr. 5.116,58 vert inndecka i rekneskapet for 2012.
4. Disponeringane vert godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrift per 31.12.2011.

.....

**21.06.2012 Kommunestyret**

Harry Gulestøl, Kåre Jarl Langeland og Atle Jan Frøyen gjekk frå som ugilde.

**KST-065/12 Vedtak:**

Samrøystes vedtak som framlegget frå Formannskapet.

\*\*\*\*\*

SM 37-12



# BREMANGER KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	12.06.2012	116/12	RH
Kommunestyret	21.06.2012	066/12	RH

<b>Avgjerd av:</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr.:</b>
Saksansv.: Reidar Håvardstun	K1-	12/1229

### Bremangerhallen - rekneskap 2011 - godkjenning

#### Dokumentliste:

Rekneskap

Årsberetning

Revisjonsberetning

Uttale frå kontrollutvalet

#### Kva saka gjeld:

Godkjenning av rekneskap 2011

#### Saksutgreiing:

Det er kontrollutvalet si oppgåve å gje uttale i rekneskapssaka, medan det er formannskapet som skal leggje rekneskapet fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

Rekneskapet for 2011 viser eit overskot på kr. 10.559,05. Driftsrekneskapen går fram som eit eige driftskapittel i kommunen sitt rekneskap under teneste 3810. Overskotet er avsett i Bremanger kommune sitt rekneskap. Det er driftsstyret som har disposisjonsrett over dette. Dette er i tråd med driftsavtalen mellom idrettshusa og kommunen.

Det vert vist til rekneskap, årsberetning, revisjonsberetning og uttale frå kontrollutvalet.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

5. Dei framlagde rekneskapsutskrifter per 31.12.2011, vert fastsett som Bremangerhallen sitt rekneskap for 2011, med dei kommentarane som er gjeve av administrasjon, revisjon og kontrollutval.
6. Disponeringane vert godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrift per 31.12.2011.

### **12.06.2012 Formannskapet**

#### **FSK-116/12 Vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

1. Dei framlagde rekneskapsutskrifter per 31.12.2011, vert fastsett som Bremangerhallen sitt rekneskap for 2011, med dei kommentarane som er gjeve av administrasjon, revisjon og kontrollutval.
2. Disponeringane vert godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrift per 31.12.2011.

### **21.06.2012 Kommunestyret**

Åge Senneset gjekk frå som ugild.

#### **KST-066/12 Vedtak:**

Samrøystes vedtak som framlegget frå Formannskapet.





# BREMANGER KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	12.06.2012	117/12	RH
Kommunestyret	21.06.2012	068/12	RH

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Saksansv.: Reidar Håvardstun	K1-	12/1232

### Svelgen idrettshus - rekneskap 2011 - godkjenning

#### Dokumentliste:

Rekneskap

Årsrapport

Revisjonsberetning

Uttale frå kontrollutvalet

#### Kva saka gjeld:

Godkjenning av rekneskap 2011

#### Saksutgreiing:

Det er kontrollutvalet si oppgåve å gje uttale i rekneskapsaka, medan det er formannskapet som skal leggje rekneskapet og årsmelding fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

Rekneskapet for 2011 viser eit overskot på kr. 40.161.69. Driftsrekneskapen går fram som eit eige driftskapittel i kommunen sitt rekneskap under teneste 3803. Overskotet er avsett i Bremanger kommune sitt rekneskap. Det er driftsstyret som har disposisjonsrett over dette. Dette er i tråd med driftsavtalen mellom idrettshusa og kommunen.

Det vert vist til rekneskap, årsberetning, revisjonsberetning og uttale frå kontrollutvalet.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Dei framlagde rekneskapsutskrifter per 31.12.2011, vert fastsett som Svelgen idrettshus sitt rekneskap for 2011, med dei kommentarane som er gjeve av administrasjon, revisjon og kontrollutval.
2. Disponeringane vert godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrift per 31.12.2011.

### **12.06.2012 Formannskapet**

#### **FSK-117/12 Vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

1. Dei framlagde rekneskapsutskrifter per 31.12.2011, vert fastsett som Svelgen idrettshus sitt rekneskap for 2011, med dei kommentarane som er gjeve av administrasjon, revisjon og kontrollutval.
2. Disponeringane vert godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrift per 31.12.2011.

### **21.06.2012 Kommunestyret**

#### **KST-068/12 Vedtak:**

Samrøystes vedtak som framlegget frå Formannskapet.



# BREMANGER KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	12.06.2012	118/12	TOM
Kommunestyret	21.06.2012	070/12	TOM

<b>Avgjerd av:</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr.:</b>
Saksansv.: Tom Joensen	K1-	12/1183

### Økonomirapport 1/2012

#### Dokumentliste:

- Økonomirapport 1/2012

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Økonomireglementet for Bremanger kommune
- Kommuneloven

#### Kva saka gjeld:

Rådmannen sin økonomirapport pr. 30.04.2012, med framlegg til budsjettjusteringar og fullfinansiering av investeringsprosjekt.

#### Bakgrunn for saka:

I samsvar med gjeldande årshjul skal rådmannen gjennom årsmelding, rekneskap og økonomirapportar informere kommunestyret om utviklinga i kommunen. Etter finansreglementet skal rådmannen minst to gongar pr. år leggje fram rapportar som syner status for kommunen si finansforvaltning.

Økonomirapport 1/2012 omhandlar både rekneskapsituasjonen og status i finansforvaltninga etter første tertial, samt andre sentrale utviklingstrekk av betydning for kommunen sin økonomiske situasjon og vidare planlegging.

Utover det å tilfredsstillе dei formelle krava i lov og reglement, er målsetjinga med økonomirapporten å gje politikarane og innbyggjarane ei lettfatteleg oversikt over utviklinga i kommunen og utfordringane framover.

#### **Saksutgreiing:**

Sjå vedlagde økonomirapport.

#### **Vurdering:**

##### Driftsrekneskap:

Svikt på inntektssida, saman med mindre inndekning av det akkumulerte underskotet i 2011, gjer at vi i 2012 må justere ned både driftssida og ambisjonane om inndekning av akkumulert underskot i 2012. Problemstillinga er drøfta med Fylkesmannen som har kome med si tilråding i denne samanhengen. Framlegget inneber ei nedjustering av drifta med på ca. 1,95 millionar kroner. Nedjusteringa omfattar alle sektorar utanom NAV. Her vert ramma justert opp med ein million kroner som i sin heilskap vert dekkja opp med auka statstilskot i samband med busetjing av flyktningar. Netto nedjustering er såleis på kr. 950.000,-.

##### Investeringsrekneskaper:

Det er ufinansierte prosjekt knytta til Sentrumsplan for Svelgen og sambandssystem for brannvesenet. Desse blir førelått dekkja med gjenståande midlar frå fullførte prosjekt.

##### Inndekningsplan

Inndekningsplanen er justert med utgangspunkt i dei «nye» râmene for dei ulike sektorane. Ein har lagt til grunn ny prognosemodell for skatt og ramme, nye prognosar for rente og justert anslaget for eigedomsskatt i samband med planlagde investeringar i kraftsektoren. Den nye inndekningsplanen syner ei «overdekning» på ca. 47 millionar kroner. Dette er med å redusere ev. usikkerheit knyta til den relativt store auka i eigedomsskatteinntekter frå 2016.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Økonomirapport 1/2012 vert teke til vitande.
2. Det vert gjort følgjande budsjettjusteringar:

Skatt	+ 1.194.000	18700-8000-8010
Rammetilskot	- 599.000	18000-8000-8400
Renteutgifter	- 205.000	15000-8500-8710
Rente DnB	- 2.800.000	15005-8500-8710
Konsesjonskraftinnt.	- 410.000	18902-8000-3203
Heimfall	+ 4.403.000	18106-8000-3204
Integreringstilskot	- 1.000.000	18105-8000-8400
Juridisk konsulent	+ 300.000	12706-8500-1202
Dekking tidl. års undersk.	- 5.062.000	15300-8800-8800

Eigedomsskatt + 5.132.000 18740-8000-8020

Sum **953.000**

Sentraladministrasjon	- 159.000
NAV	+ 1.000.000
Kultur	- 48.000
Kyrkje	- 37.000
Teknisk	- 120.000
Helse og omsorg	- 894.000
<u>Oppvekst</u>	<u>- 695.000</u>
<u>Sum</u>	<u>- 953.000</u>

### 3. Ufinansierte prosjekt per 30.04.12:

2597042	Sentrumsutvikling Svelgen, del III	605.455,00
2597043	Sentrumsutvikling Svelgen, del II	32.121,25
2597044	Sentrumsutvikling Svelgen, del I	605.515,66
2597047	Samband brann	222.373,00
<u>Sum</u>		<u>1.465.464,91</u>

Prosjekta vert finansiert slik:

2550377	Ombygging SBS	870.817,78
2550379	Ballbinge Kolset skule	39.196,00
2550382	Nordsjøløypa Davik	14.479,69
2530037	Fleirbrukshall	340.971,44
<u>2910448</u>	<u>Nærmiljøanlegg</u>	<u>200.000,00</u>
<b>Sum</b>		<b><u>1.465.464,91</u></b>

12.06.2012 Formannskapet

FSK-118/12 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Samrøystes vedtak som framlegget frå Rådmannen.

## 21.06.2012 Kommunestyret

### KST-070/12 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

2. Økonomirapport 1/2012 vert teke til vitande.

2. Det vert gjort følgjande budsjettjusteringar:

Skatt	+ 1.194.000	18700-8000-8010
Rammetilskot	- 599.000	18000-8000-8400
Renteutgifter	- 205.000	15000-8500-8710
Rente DnB	- 2.800.000	15005-8500-8710
Konsesjonskraftinnt.	- 410.000	18902-8000-3203
Heimfall	+ 4.403.000	18106-8000-3204
Integreringstilskot	- 1.000.000	18105-8000-8400
Juridisk konsulent	+ 300.000	12706-8500-1202
Dekking tidl. års undersk.	- 5.062.000	15300-8800-8800
<u>Eigedomsskatt</u>	<u>+ 5.132.000</u>	<u>18740-8000-8020</u>
<b>Sum</b>	<b>953.000</b>	

Sentraladministrasjon	- 159.000
NAV	+ 1.000.000
Kultur	- 48.000
Kyrkje	- 37.000
Teknisk	- 120.000
Helse og omsorg	- 894.000
<u>Oppvekst</u>	<u>- 695.000</u>

**Sum** - **953.000**

3. Ufinansierte prosjekt per 30.04.12:

2597042	Sentrumsutvikling Svelgen, del III	605.455,00
2597043	Sentrumsutvikling Svelgen, del II	32.121,25
2597044	Sentrumsutvikling Svelgen, del I	605.515,66
<u>2597047</u>	<u>Samband brann</u>	<u>222.373,00</u>
<b>Sum</b>		<b>1.465.464,91</b>

Prosjekta vert finansiert slik:

2550377	Ombygging SBS	870.817,78
2550379	Ballbinge Kolset skule	39.196,00
2550382	Nordsjøløypa Davik	14.479,69
2530037	Fleirbrukshall	340.971,44
<u>2910448</u>	<u>Nærmiljøanlegg</u>	<u>200.000,00</u>
<b>Sum</b>		<b>1.465.464,91</b>





## Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

### Rapport frå tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A

#### Bremanger kommune, Bremanger sjukeheim

**Adressa til verksemda:** Postboks 104, 6721 Svelgen  
**Tidsrom for tilsynet:** 25.01.2012 – 04.06.2012  
**Kontaktperson i verksemda:** Driftssjef Anne Karin Svarstad

#### Samandrag

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjennomført tilsyn med Bremanger kommune, Bremanger sjukeheim, 18. og 19.04.2012. Denne rapporten gjer greie for funn på området det var ført tilsyn med.

Tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon og var retta mot helsehjelp gitt med tvang etter lov om pasient og brukarrettar kapittel 4A, til pasientar i sjukeheim.

Tilsynet skulle undersøke om Bremanger kommune:

- sikrar at motstand mot helsehjelp hos pasientar vert identifisert og at pasienten sin samtykkekompetanse vert vurdert
- sikrar at tillitsskapande tiltak vert forsøkt før tvungen helsehjelp vert gjennomført
- sikrar at det vert gjort helsefaglege vurderingar av om den aktuelle helsehjelpa kan gjennomførast med tvang

Tilsynet er ein del av landsomfattande tilsyn i 2012 som Statens helsetilsyn har teke initiativ til.

Det vart ikkje funne avvik under tilsynet i Bremanger kommune og tilsynet er dermed avslutta.

Dato: 04.06.2012

Beate Tollefsen  
revisjonsleiar

Tom Debu Nesvåg  
revisor

# Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>1</b>
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>3</b>
<b>2. Omtale av kommunen .....</b>	<b>3</b>
<b>3. Gjennomføring.....</b>	<b>4</b>
<b>4. Kva tilsynet omfatta .....</b>	<b>4</b>
<b>5. Funn.....</b>	<b>4</b>
<b>6. Regelverk .....</b>	<b>4</b>
<b>7. Dokumentunderlag.....</b>	<b>5</b>
<b>8. Deltakarar ved tilsynet .....</b>	<b>6</b>

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn i Bremanger kommune, Bremanger sjukeheim, 25.01. – 04.06.2012. Tilsynet er ein del av landsomfattande tilsyn med kommunale helsetenester i 2012 og er eit av dei planlagde tilsyna som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomfører i år.

Fylkesmannen har heimel til å føre tilsyn med helsetenesta etter lov om statleg tilsyn med helse- og omsorgstenesta § 2.

Tilsynet blei gjennomført som systemrevisjon. Dette inneber gransking av dokument, intervju og andre undersøkingar.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda, gjennom internkontroll, tek hand om ulike krav i lovgivinga. Revisjonen omfattar å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigererte
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Rapporten handlar om eventuelle avvik som er funne under revisjonen og gir derfor ingen fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** er krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, som ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsett i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynslaget finn grunn til å påpeike betringspotensial

## 2. Omtale av kommunen

Bremanger sjukeheim ligg i Kalvåg i Bremanger kommune. Sjukeheimen har 33 einerom. Nokre av romma er tilrettelagt med plass for to personar. Det er tre bugrupper med 8-15 personar i kvar gruppe. Ei av gruppene er spesielt tilrettelagt for senil demente. Kvar pasient får ein primærsjukepleiar og ein primærhjelpepleiar.

Tilsynslegen er til stades ein gong kvar veke og kan utover det kontaktast dersom det oppstår akutte behov.

Rådmannen er øvste leiar i kommunen. Kommunalsjefen er ansvarleg blant anna for helse- og omsorgstenestene. Sjukeheimen vert leia av ein driftssjef som er administrativ og fagleg leiar og rapporterer til kommunalsjefen. Driftssjefen er overordna tilsynslegen.

Fagleiar ved sjukeheimen skal ivareta det sjukepleiefaglege ansvaret og har det daglege ansvaret for kvalitet og koordinering av sjukepleietenestene. Fagleiar rapporterer til driftssjefen.

### 3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande:

Aktivitet	Dato	Kommentar
Melding om tilsyn	25.01.2012	
Motteke dok. frå kommunen	19.03.2012	
Opningsmøte	18.04.2012	
Omvising	18.04.2012	
Intervju	18. og 19.04.2012	10 personar blei intervju
Sluttmøte	19.04.2012	

For oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, sjå kapitlet om dokumentunderlag.

### 4. Kva tilsynet omfatta

Ved tilsynet har vi undersøkt om Bremanger kommune har styring og fører kontroll med at helsehjelp til pasientar som motset seg somatisk helsehjelp blir gitt i samsvar med krav i helselovgivinga. Vi undersøkte særskilt om kommunen sikrar at:

- motstand mot helsehjelp blir identifisert og at samtykkekompetansen til pasienten blir vurdert
- tillitsskapande tiltak blir prøvd før somatisk helsehjelp blir gitt med tvang
- det blir gjort helsefaglege vurderingar av om den aktuelle somatiske helsehjelpa kan gjennomførast med tvang

### 5. Funn

Det vart ikkje funne avvik under tilsynet i Bremanger kommune.

### 6. Regelverk

- *Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten*
- *Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m*
- *Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter*
- *Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.*
- *Forskrift av 14. november 1988 for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie*
- *Forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal*
- *Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten*
- *Forskrift av 27. juni 2003 nr. 792 om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene*
- *Forskrift av 12. november 2010 nr. 1426 om en verdig eldreomsorg*

## 7. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold, sendt over i samband med førebuing av tilsynet:

- Informasjon om styringssystemet
- Årsmelding 2010
- Organisasjonskart Bremanger kommune
- Strategisk plan for pleie og omsorgssektoren med organisasjonskart for sektoren
- Organisasjonskart Bremanger sjukeheim
- Kompetanse og rekrutteringsplan for helse og omsorg i Bremanger kommune
- Delegasjonsregelement for Bremanger kommune
- Ethiske retningslinjer for Bremanger kommune
- Oversikt over tilsette ved Bremanger sjukeheim
- Innholdsliste kvalitetssystem Bremanger sjukeheim
- Utvalde rutinar/relevante dokument frå kvalitetssystemet:
  - Oppbygging av kvalitetssystem
  - Ansvarsfordeling, informasjon og samarbeidsrutinar
  - Ethiske retningslinjer
  - Tenesteerklæring Bremanger sjukeheim
- Stillingsinstruks Bremanger sjukeheim:
  - driftssjef
  - fagleg leiar
  - sjukepleiar
  - vernepleiar
  - helsefagarbeidar/hjelpepleiar/omsorgsarbeidar
  - assistent
- Rutinar for ansvarshavande på vakt
- Instruks bakvakt
- Primærsjukepleie
- Avviksrutine og avviksskjema
- Rutinar for dokumentasjon
- Retningslinjer for pasientjournal
- Rutinar for opplæring av nyttilsette ved Bremanger sjukeheim
- Vurdering av samtykkekompetanse
- Tillitsskapande tiltak ved helsehjelp til personar utan samtykkekompetanse som motset seg helsehjelp.
- Helsehjelp til pasientar utan samtykkekompetanse som motset seg helsehjelp.
- Prosedyre for årskontroll

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Informasjonsperm på avdelingane Heimen, Havbåra og Utsikten
- Kvalitetssystemperm
- Referat frå sjukepleiarmøte
- Referat frå postmøte
- Referat frå personalmøte
- Avviksmappe

21 journaler blei gjennomgått under tilsynet.

Tilsynslaget fekk omvisning på sjukeheimen.

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

- 25.01.2012 melding til Bremanger kommune om tilsyn
- 19.03.2012 dokumentasjon til tilsynet frå Bremanger kommune
- 29.03.2012 utkast til program for tilsynet
- Diverse e-postar som omhandlar tilsynet (endring av program og praktiske opplysningar mm.).
- 07.05.2012 førebels rapport frå tilsynet

## 8. Deltakarar ved tilsynet

Nedanfor er ei oversikt over deltakarane på opnings- og sluttmøte, og over kven som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opnings- møte	Intervju	Slutt- møte
Mona Kjerpeset	Hjelpepleiar i vernepleie	x	x	x
Elin G. Røys	Hjelpepleiar	x	x	x
Suprane Thammachart	Sjukepleiar	x	x	x
Aud Grotle	Sjukepleiar/fagleg leiar	x	x	x
Rita Janne Igland	Sjukepleiar	x	x	
May Brit Berle	Sjukepleiar	x	x	x
Yeganeh Forghani	Tilsynslege	x	x	x
Randi Ytrehus	Kommunalsjef	x	x	x
Anne Karin Svarstad	Driftssjef	x	x	x
Anne Kristin Røys	Konstituert fagleg leiar	x		
Laila Grotle	Hjelpepleiar		x	

### Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok:

Tom Debu Nesvåg, revisor

Annelise Skeie, observatør

Beate Tollefsen, revisjonsleiar

SM41-12

**Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

## **TILSYNSRAPPORT**

Tilsyn med særskild språkopplæring  
for minoritetsspråklege elevar  
i grunnskulen  
skuleåret 2011/12

Bremanger kommune – Svelgen oppvekst

**Sak: 2011/3540**

**Dato: 10.05.2012**

**Tilsynsgruppe:**

**Helge Pedersen og Anne Marte Sæle**

## Innhald

1. Tilsyn med særskild språkoppføring for minoritetsspråklege elevar .....	3
Tema for tilsynet .....	3
Føremålet med tilsynet .....	3
Grunngjeving for val av tema .....	3
2. Om gjennomføringa av tilsynet .....	3
Rettsleg grunnlag for dette tilsynet.....	3
Overordna om metoden brukt i tilsynet.....	3
Tilsynet sitt omfang: objekt, tilsynsform.....	4
Oppsummering av gangen i tilsynet: .....	4
Utgreiing og dokumentasjon frå kommunen og skulen.....	4
3. Lovkrava i § 2-8 Særskild språkoppføring for elevar frå språklege minoritetar .....	4
Avgrensing.....	4
<b>Kontrollspørsmål</b> .....	5
Vurdering og konklusjon .....	6
4. Etterleving av lovkrava i § 13-10, 2. ledd om forsvarleg system relatert til § 2-8 .....	7
Avgrensing.....	7
Kontrollspørsmål.....	7
Vurdering og konklusjon .....	8
5. Pålegg om endring .....	8
Pålegg i samband med etterleving av lovkrava i § 2-8 .....	8
Pålegg i samband med etterleving av lovkrava i § 13-10, 2. ledd, om forsvarlig system relatert til § 2-8.....	9
6. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta .....	9
7. Høve til å klage.....	9
Vedlegg 2 Oversyn over innsendt dokumentasjon.....	11
Vedlegg 3 Rettslege krav .....	12



# 1. Tilsyn med særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar

## Tema for tilsynet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ført tilsyn med Bremanger kommune og Svelgen oppvekst med bakgrunn i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, lov nr. 61 1998 (opplæringslova). Opplæringslova § 2-8 omhandlar særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar. Tilsynet gjeld også opplæringslova § 13-10 andre ledd om kommunen si plikt til å ha eit forsvarleg system for å sikre elevane sine rettar etter § 2-8.

## Føremålet med tilsynet

Fylkesmannen vil med dette sikre at kommunen og skulane følgjer reglane når det gjeld rett til særskild språkopplæring for elevar i grunnskulen med eit anna morsmål enn norsk og samisk. Vi vil også sjå til at kommunen har eit forsvarleg system for å sikre at elevane sine rettar etter § 2-8 blir oppfylte, jf opplæringslova § 13-10 andre ledd.

## Grunngeving for val av tema

Opplæringslova § 2-8 er eit viktig verkemiddel for integrerings-politikken. Det er viktig for minoritetsspråklege elevar si opplæring, liv og virke i det norske samfunnet at dei snarast mogleg får tilstrekkeleg kompetanse i norsk til å følgje den ordinære opplæringa i skulen. Effektiv undervisning føreset god kjennskap til opplæringsbehovet, samt avvikling av tilbodet når behovet/retten ikkje lenger ligg føre. Det er derfor viktig at det blir etablert gode rutinar for kartlegging både før og undervegs i opplæringa.

Manglande enkeltvedtak og prosedyrar i samband med dette fører til at elevane/ foreldra ikkje kan vurdere om barna sine rettar blir oppfylte. Konsekvensen av dette vil kunne ha negativ innverknad på elevane sin rettstryggleik med omsyn til læringsutbytte i skulen.

# 2. Om gjennomføringa av tilsynet

## Rettsleg grunnlag for dette tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Dette myndet er delegert til Fylkesmannen i brev datert 27.09.2010<sup>1</sup>.

## Overordna om metoden brukt i tilsynet

Tilsynet er retta mot kommunen si etterleving av lovkrava innan oppgjevne emne. Rapporten omtalar og grunnjev lovbrøt som er avdekkja gjennom tilsynet. Rapporten omhandlar berre resultat knytte til temaet som er valt for dette tilsynet, og gjev såleis ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigar og skulen. Tilsynet vurderer heller ikkje kvaliteten på opplæringa. Observasjonar avgrensar seg i hovudsak til område der det er avdekkja lovbrøt.

Tilsynet er gjennomført på bakgrunn av tilsendt skriftleg dokumentasjon frå kommunen. Det har ikkje vore aktuelt å gjennomføre ei meir djuptgåande datainnsamling, t.d. intervju.

---

<sup>1</sup> Utdanningsdirektoratet: «Delegasjon av myndighet etter opplæringsloven, privatskoleloven, voksenopplæringsloven kapittel 4 og forskrifter gitt med hjemmel i disse lovene.»

### **Tilsynet sitt omfang: objekt, tilsynsform**

Denne gongen har vi valt å føre tilsyn med Bremanger kommune og Svelgen oppvekst. Utvalet er gjort på grunnlag av omfanget av minoritetsspråklege elevar som er rapportert i GSI<sup>2</sup> hausten 2011. I tillegg har vi lagt vekt på variasjon i kommunestorleik og geografisk spreining. Vi har også tatt omsyn til andre planlagde tilsyn som Fylkesmannen skal gjennomføre våren 2012.

Skriftleg tilsyn eller dokumenttilsyn er på dette temaet vurdert som føremålstenleg for å få undersøkt tilstanden i fleire kommunar på kortare tid.

### **Oppsummering av gangen i tilsynet:**

- Varsel om tilsyn til kommunen, brev datert 02.01. og e-post 03.01.2012.
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå kommunen og skulen 01.02.2012.
- Varsel om vedtak førebels rapport 18. 04.2012.
- Sluttmøte (telefonmøte) 30.04.2012. Frå Bremanger kommune: Gunnar Skjølberg og Carina Endresen Solvåg. Frå Fylkesmannen: Anne Marte Sæle og Helge Pedersen.
- Kommunen sin frist for tilbakemelding om varsel - vedtak og førebels rapport er 09.05.2012.
- Offentleggjing av rapporten etter at klagefristen er utgått.<sup>3</sup>

### **Utgreiing og dokumentasjon frå kommunen og skulen**

I vårt brev om pålegg om innsending av dokumentasjon av samband med tilsynet, bad vi om utgreiing/dokumentasjon både frå kommunen og frå den aktuelle skulen:

- Opplæringslova § 2-8: Skuleeigar sine prosedyrar/retningslinjer og tal enkeltvedtak i kommunen.
- Opplæringslova § 2-8: Skulen sine prosedyrar/retningslinjer, kartlegging, fire enkeltvedtak, samla tal enkeltvedtak ev. elevar utan enkeltvedtak.

Sjå elles Fylkesmannen sitt pålegg om utgreiing og dokumentasjon frå skuleeigar/skulen i sin heilskap i vedlegg 1.

Innsendt dokumentasjon frå skuleeigar/skulen i samband med tilsynet går fram av vedlegg 2.

## **3. Lovkrava i § 2-8 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar**

Dei rettslege krava i høve opplæringslova § 2-8 går fram av vedlegg 3.

### **Avgrensing**

Med dette dokumenttilsynet har vi ikkje grunnlag for å undersøkje alle lovkrava knytt til opplæringslova §2-8.

---

<sup>2</sup> Grunnskolens informasjonssystem

<sup>3</sup> Klagefristen er 3 veker.

Vi søker fyrst og fremst å avklare følgjande forhold:

- Blir det gjort kartlegging av elevane sine norskdugleikar før det blir fatta vedtak om særskild språkopplæring?
- Blir det gjort kartlegging undervegs i opplæringa, for å vurdere når elevane har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa?
- Blir det gjort enkeltvedtak for alle som får særskilt språkopplæring?
- Inneheld enkeltvedtaka vedtak om både særskild norskopplæring, morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og/eller anna tilpassa opplæring (jf. § 2-8, 3. ledd)?
- Er enkeltvedtaka (tildeling/avslag) grunngjevne?
- Stettar enkeltvedtaka formkrava i forvaltningslova?

### Kontrollspørsmål

Blir det gjort kartlegging av elevane sine norskdugleikar før det blir fatta vedtak om særskild språkopplæring?

Opplæringslova § 2-8 seier at kommunen skal kartlegge kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring.

- Innsendt dokumentasjon frå Bremanger kommune og Svelgen oppvekst syner at det ikkje er etablert overordna rutinar og rutinar på Svelgen oppvekst for kartlegging av elevane sine norskdugleikar før vedtak om særskild språkopplæring.
- Svelgen oppvekst har ikkje dokumentert at det er etablert rutinar for kartlegging før det blir fatta vedtak om særskilt språkopplæring.

Blir det gjort kartlegging undervegs i opplæringa, for å vurdere når elevane har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa?

Etter opplæringslova § 2-8 fjerde ledd, andre setning, skal eleven sin norskdugleik også kartleggjast undervegs i opplæringa for å kunne vurdere om læringsmåla er nådde.

Lovgjevar ynskjer på denne måten å sikre at minoritetsspråklege elevar går over til ordinær norskopplæring så snart elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk.

- I innsendt dokumentasjon frå skulen går det fram at det er kontaktlærar som vurderer behovet for «sine» framandspråkelevar.
- Innsendt dokumentasjon syner at det korkje for Bremanger kommune eller for Svelgen oppvekst er etablert rutinar for kartlegging undervegs i opplæringa for å kunne vurdere om læringsmåla er nådde.

Blir det gjort enkeltvedtak for alle som får særskilt språkopplæring?

Det følgjer av opplæringslova § 2-8, jf forvaltningslova § 2, at kommunen skal gjere enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Dette er også presisert i førearbeida<sup>4</sup>: «Når kommunen tek stilling til kva rettar ein elev har etter opplæringslova § 2-8, er det eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.»

<sup>4</sup> Ot.prp. nr. 55 (2003-2004) Om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova

- I skriv frå kommunen går det fram at det for skuleåret 2011/12 er 66 «minoritetsspråklege elevar», dvs. elevar særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8. 37 av elevane er ved Svelgen oppvekst.
- Det er ikkje gjort enkeltvedtak i høve elevar som får særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, dvs. i kommunen eller ved Svelgen oppvekst.

Inneheld enkeltvedtaka vedtak om både særskild norskopplæring, morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og/eller anna tilpassa opplæring (if. § 2-8, 3. ledd)?

I samband med tilsynet bad Fylkesmannen om fire enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8 (sjå vedlegg 1). I § 2-8, første ledd går det fram at slike elevar også kan ha rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Dersom det låg føre vedtak som i tillegg gjaldt morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar, bad vi om å få tilsendt desse.

- Då det ikkje ligg føre vedtak frå Svelgen oppvekst om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, er det vanskeleg å vurdere dette kontrollspørsmålet.
- Fylkesmannen har heller ikkje fått tilsendt malar som viser krav til innhald og form på enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8.
- Dersom det i tillegg til særskild norskopplæring også vert gitt morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge deler, må dette gå fram av enkeltvedtaket.

Er enkeltvedtaka (tildeling/avslag) grunngjevne ?

Enkeltvedtak skal grunngjevast individuell, dvs. kvifor særskild språkopplæring blir gitt, alternativt ikkje gitt eller tek slutt (retten opphøyrer), jf. fvl. § 24. Det følgjer av god forvaltningsskikk at innhaldet i vedtaket skal tydeleggjerast for mottakar, slik at klageretten blir reell. Innhald, omfang og organisering må difor kome tydeleg fram. Vedtaket skal stå på eigne bein, og bør supplerast med munnleg informasjon dersom dette må til for at mottakar skal forstå innhaldet.

- Då det ikkje ligg føre vedtak, er det ikkje mogeleg å vurdere dette kontrollspørsmålet.
- Det er ikkje utarbeidd malar med grunngjeving.

Stettar enkeltvedtaka formkrava i forvaltningslova?

I underretninga skal det gjevast opplysning om klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåten ved klage

- Korkje Bremanger kommune eller Svelgen oppvekst har utarbeidd malar (positiv/negativ) for enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8.
- Då det ikkje ligg føre vedtak, er det ikkje mogeleg å vurdere dette kontrollspørsmålet.

**Vurdering og konklusjon**

Det ligg føre lovbrøt her.

Skulen har ikkje etablert praksis med kartlegging før og undervegs. Skulen har heller ikkje etablert praksis med enkeltvedtak i høve opplæring etter opplæringslova § 2-8.

## 4. Etterleving av lovkrava i § 13-10, 2. ledd om forsvarleg system relatert til § 2-8

Dei rettslege krava i høve opplæringslova § 13-10, andre ledd relatert til § 2-8 går fram av vedlegg 3.

### Avgrensing

I dette dokumenttilsynet har ein ikkje grunnlag for å undersøkje alle sider knytt til lovkravet i opplæringslova § 13-10 relatert til opplæringslova § 2-8.

Vi søker først og fremst å avklare følgjande forhold:

- Er det utarbeidd prosedyrar/ retningsliner for ivaretaking av elevrettane etter § 2-8 både for kommune-/ og skulenivå og er rutinane skriftlige?
- Inneheld prosedyrane tilstrekkeleg informasjon til å gjere det sannsynleg at elevrettane blir oppfylt som t.d.:
  - Informasjon om rettane etter § 2-8?
  - Informasjon om foreldresamarbeid?
  - Informasjon om saksgang?
  - Avklaring av kven som har ansvar for kva?
  - Nødvendige skjema og malar (vedtak, rapportering etc.)
- Finst det prosedyrar/ retningsliner for kartlegging i høve § 2-8?
- Er det gjort tydelig kven som har ansvaret for kartlegginga?

### Kontrollspørsmål

Er det utarbeidd prosedyrar/ retningsliner for ivaretaking av elevrettane etter § 2-8 både for kommune-/ og skulenivå og er rutinane skriftlige?

- I kommunen sitt oversendingsbrev vert det peika på at elevane som får opplæring etter § 2-8 er godt ivaretekne, men skuleigar innrømmer at ein har manglande rutinar på dette området. Kommunen sine rutinar er såleis ikkje skriftleggjort når det gjeld informasjon om t.d. kartlegging/vedtak/foreldresamarbeid/saksgang/ansvar.
- For skulen som vart vald som tilsynsobjekt, er det heller ikkje utarbeidd skriftlege rutinar for dette tilsynsfeltet.

Inneheld prosedyrane tilstrekkeleg informasjon til å gjere det sannsynleg at elevrettane blir oppfylte ? (Informasjon om rettane etter § 2-8 - vedtak/foreldresamarbeid/saksgang/ansvar)

- Det ligg ikkje føre prosedyrar som inneheld informasjon for å sikre at rettane etter opplæringslova § 2-8 blir oppfylt, t.d. når det gjeld informasjon / vedtak / kartlegging / foreldresamarbeid / saksgang / ansvar.
- Svelgen oppvekst har heller ikkje dokumentert skriftlege rutinar for å sikre elevane sine rettar.

Finst det prosedyrar/ retningsliner for kartlegging i høve § 2-8, og er det gjort tydelig kven som har ansvaret for kartlegginga?

- Det ligg ikkje føre prosedyrar/retningsliner for å sikre at det vert gjennomført kartlegging (før/undervegs) og kven som har ansvar.
- For skulen som vart vald som tilsynsobjekt, er det heller ikkje utarbeidd skriftlege rutinar for å sikre elevane sine rettar i høve kartlegging.

### **Vurdering og konklusjon**

Sett opp mot dei rettslege krava i opplæringslova § 2-8 slik dei er operasjonalisert for dette tilsynet som vedkjem opplæringslova §13-10, andre ledd, har Bremanger kommune sitt system fleire manglar.

Det ligg føre lovbrøt her.

Innsendt dokumentasjon frå Bremanger kommune tilfredsstillar ikkje krava til forsvarleg system etter opplæringslova § 13-10 relatert til opplæringslova § 2-8 og forvaltningslova.

## **5. Pålegg om endring**

På bakgrunn av det som går fram av kapitla 3 til og med 4 gir Fylkesmannen følgjande pålegg:

### **Pålegg i samband med etterleving av lovkrava i § 2-8**

1. Bremanger kommune skal syte for at Svelgen oppvekst etablerer skriftlege rutinar for kartlegging i høve opplæringslova § 2-8. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Svelgen oppvekst:
  - a. Syter for at det vert gjort kartlegging før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring.
  - b. Syter for at det vert gjort kartlegging undervegs i opplæringa som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen.
  - c. Kven som har ansvar for kartlegginga må vere tydeleggjort.
2. Bremanger kommune skal syte for at Svelgen oppvekst skule etablerer rutinar og praksis for å sikre at lovkravet i opplæringslova § 2-8 og forvaltningslova § 2 vert ivaretekne. Bremanger kommune må i denne samanhengen sjå til at Svelgen oppvekst:
  - a. Gjer enkeltvedtak for alle elevar når ein tek stilling til om ein elev har rett til særskilt språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, dvs. individuell grunngjeving, dvs. kvifor/kvifor ikkje særskild språkopplæring etter opplæringslova blir gitt. Vedtaket må også gje opplysning om mormålsopplæring/tospråkleg fagopplæring dersom dette er aktuelt/ev. begge delar.
  - b. At enkeltvedtak som blir gjort i samband med rettar etter § 2-8, fullt ut tilfredsstillar forvaltningslova sine krav, dvs. klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåten ved klage. Skulen må også etablere rutinar for varsel om vedtak og samtykke/ikkje samtykke frå foreldra.

**Pålegg i samband med etterleving av lovkrava i § 13-10, 2. ledd, om forsvarlig system relatert til § 2-8.**

3. Bremanger kommune blir pålagt å etablere eigne rutinar som tilfredsstillar krava til forsvarlig system etter opplæringslova § 13-10 relatert til rett til opplæring for minoritetsspråklige elevar etter opplæringslova § 2-8. Særskild gjeld dette: Saksgang/enkeltvedtak som er i samsvar med opplæringslova § 2-8 og forvaltningslova, samt klargjering av ansvar.

## **6. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta**

Tiltak for å rette lovbrota skal setjast i verk med det same.

Bremanger kommune skal gje ei skriftleg erklæring om at lovbrota er retta/blir retta. Erklæringa skal understøttast med dokumentasjon at det er utarbeidd i samsvar med pålegga.

Denne erklæringa og dokumentasjonen skal setje Fylkesmannen i stand til å vurdere om tilsynsobjektet har korrigert dei lovbrota som er avdekka. Fylkesmannen må deretter vurdere om og i kva grad erklæringa og dokumentasjonen skal følgjast opp vidare.

Frist for innsending av slik erklæring er 09.08.2012.

## **7. Høve til å klage**

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast på til Utdanningsdirektoratet. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er komen fram til kommunen som skuleeigar, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Sjå forvaltningslova § 32 om utforming av klage.

Helge Pedersen  
(revisjonsleiar)

Anne Marte Sæle  
(revisor)

Vedlegg:

- 1 Pålegg om utgreiing og dokumentasjon frå kommunen og skulen
- 2 Oversyn over innsend dokumentasjon
- 3 Rettslege krav - §§ 2-8 og 13-10

## Vedlegg 1 Pålegg om utgreiing og dokumentasjon frå kommunen og skulen

### A) Utgreiing

#### Kommunen si utgreiing

Vi ber om at kommunen gjev i ei eiga utgreiing. I den grad det ligg føre dokumentasjon som understøttar utgreiinga, ber vi om at det vert vist til denne undervegs:

1. Kommunen sine prosedyrar/retningsliner for ivaretaking av elevrettane etter opplæringslova §2-8.
  - a. Informasjon, saksgang, skjema, malar for vedtak, kartlegging
  - b. Vedtaksmynde (aktuelt punkt i delegasjonsreglement).
2. Tal enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8 for heile kommunen for skuleåret 2011/2012. Er dette i samsvar med GSI-rapporteringa per 01.10.2011?

#### Skulen si utgreiing

Vi ber også om at skulen gjev i ei eiga utgreiing. Dersom det ligg føre dokumentasjon som understøttar utgreiinga, ber vi om at det vert vist til denne undervegs:

1. Skulen sine prosedyrar / retningsliner for ivaretaking av elevrettane etter opplæringslova §2-8.
  - a. Informasjon om retten, foreldresamarbeid, saksgang, skjema, malar for vedtak osv.
  - b. Rutinar for kartlegging før vedtak og undervegs, og kven som har ansvaret for kartlegginga.
2. Innsending av fire enkeltvedtak (anonymiserte) etter opplæringslova § 2-8 for skuleåret 2011/2012.
3. Tal elevar ved skulen som inneverande skuleår har enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8. Er dette i samsvar med GSI per 01.10.2011?
4. Er det elevar ved skulen som inneverande skuleår får opplæring etter opplæringslova § 2-8 der det ikkje er gjort enkeltvedtak? Gje i så fall ei forklaring.

### B) Dokumentasjon

I den grad det ligg føre, ber vi om at følgjande dokumentasjon (kommune/skule) vert oversendt:

- Prosedyrar/retningsliner som gjeld opplæringslova § 2-8.
- Rutinar for kartlegging (før og undervegs) etter opplæringslova § 2-8.
- Kommunen sitt delegasjonsreglement som ev. viser plassering av vedtaksmynde for § 2-8.
- Fire enkeltvedtak etter opplæringslova § 2-8. Dersom det ligg føre vedtak som i tillegg gjeld morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar, ynskjer vi å få tilsendt desse.
- Dersom det ligg føre dokumentasjon utover dette og ein ser denne som relevant for tilsynet, ber vi om at dette vert lagt ved.



## Vedlegg 2 Oversyn over innsendt dokumentasjon

Vedlegg	Oversikt over dokumentasjon frå Bremanger kommune og Svelgen oppvekst	Datert
1	Bremanger kommune: Utgreiing vedkommande tilsyn for elevar frå språklege minoritetar	30.01.12
2	Svelgen oppvekst: Svelgen oppvekst si utgreiing	

## Vedlegg 3 Rettslege krav

### § 2-8. Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

*Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.*

*Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.*

*Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.*

*Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.*

Elevar frå språklege minoritetar har etter opplæringslova § 2-8 rett til særskild språkopplæring. Innhaldet i lovparagrafen er utdjupa i Ot.prp. nr. 55 (2003-04)<sup>5</sup>:

*Etter opplæringslova § 2–8 har kommunane plikt til å gi elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk nødvendig morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring inntil dei har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa. Elevar som fyller desse vilkåra, har rett til alle tre typar opplæring så sant det er eigna undervisningspersonale i kommunen. Kommunen må derfor tilby alle tre typar opplæring nemnde i føresegna. Når det ikkje finst eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt som mogleg leggje til rette for anna opplæring, tilpassa dei føresetnadene elevane har.*

*Målsetjinga med føresegna er å lære eleven å nytte norsk som reiskapsspråk så raskt som mogleg. Når eleven har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa, tek også rettane etter føresegna slutt.*

*Morsmålsopplæringa kjem i tillegg til den vanlege undervisninga og kan leggjast til ein annan skole enn den skolen eleven til vanleg går på. Tospråkleg fagopplæring og særskild norskopplæring skal tilbydast ved skolen der eleven til vanleg går.*

*Når kommunen tek stilling til kva rettar ein elev har etter opplæringslova § 2–8, er det eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. For å avgjere om ein elev har rett til særskild språkopplæring etter § 2–8, må det avklarast om eleven har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa. Det er ikkje fastsett kriterium i opplæringslova § 2–8 for kva som er «tilstrekkelege kunnskapar i norsk». Det må derfor gjerast ei skjønnsmessig vurdering av om eleven har slike kunnskapar. Føresegna krev ikkje sakkunnig vurdering, men skolen må gjennomføre ei kartlegging av den språklege dugleiken eleven har i*

<sup>5</sup> Ot.prp. nr. 55 (2003-2004) Om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova

*norsk, og ei vurdering av kva slags språkopplæring som vil vere det beste for denne eleven for å kunne oppnå den beste norskdugleiken. (s.9)*

### Særskild norskopplæring

Elevar frå språklige minoritetar har etter opplæringslova § 2-8, rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i grunnskulen. Skuleeigar/skulen vel om den særskilde norskopplæringa skal gjevast etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar<sup>6</sup> eller i form av særskild tilpassing innanfor den ordinære læreplanen i norsk<sup>7</sup>.

Det følgjer av premissane for den særskilde norskopplæringa at læreplanen i grunnleggjande norsk er ein overgangsplan som berre skal nyttast til elevane er i stand til å følgje opplæring etter den ordinære læreplanen i norsk. Læreplanen i grunnleggjande norsk er nivåbasert, aldersuavhengig og skal sjåast i samheng med læreplanen i norsk og i morsmål for språklege minoritetar. Opplæringa i grunnleggjande norsk skal ivareta lese- og skriveopplæringa og medverke til å utvikle elevane sitt ordforråd og omgrepsforståing i ulike fag. Før opplæringa startar, må skulen vurdere og ta standpunkt til kva nivå i læreplanen opplæringa skal ta utgangspunkt i. Samordning med lese- og skriveopplæring i morsmål og tospråkleg fagopplæring kan styrke opplæringa i grunnleggjande norsk.

Føresetnadane for at minoritetsspråklege elevar får tilpassa opplæring, er at kommunen gjennomfører ei kartlegging av elevane sine norskdugleikar før det blir fatta vedtak om rett til særskild norskopplæring. Berre på den måten vil elevane vere sikra at dei faktisk får opplæring som samsvarar med dugleikar og behov. Plikta til slik kartlegging går fram av opplæringslova § 2-8, fjerde ledd, første setning.

For at lærarane skal kunne kartleggje og følgje elevane sin norskspråklege utvikling, er det utvikla kartleggingsmateriell knytt til læreplanen i grunnleggjande norsk: "Språkkompetanse i grunnleggjande norsk". Materiellet er eit hjelpemiddel for at elevane skal få tilpassa opplæring etter det språklege nivået eleven er til ei kvar tid. Materiellet skal elles gje støtte for vedtak om overgang til ordinær opplæring, samt gi føresette innsikt i barna si utvikling av norskspråklege dugleikar.

Det følgjer av føremålet med lova at retten til særskild norskopplæring sluttar når eleven har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den ordinære opplæringa i/på norsk. Etter opplæringslova § 2-8 fjerde ledd, andre setning, skal eleven sin norskdugleik også kartleggjast undervegs i opplæringa for å kunne vurdere om læringsmåla er nådde. Lovgjevar ynskjer på denne måten å sikre at minoritetsspråklege elevar går over til ordinær norskopplæring så snart elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk.

Det går ikkje fram av lovparagrafen kva som er tilstrekkeleg dugleik i norsk, men læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar seier noko om dette. Under "Vurdering" står det følgjande: "*Det er utarbeidet kartleggingsverktøy i tilknytning til læreplanen. Når elevane har nådd målene i læreplanens nivå 3, skal de følge ordinær norskopplæring og bli vurdert i samsvar med denne. Det gis derfor ikke vurdering med karakter*".(s. 7)

<sup>6</sup> Læreplan i grunnleggjande norsk for språklige minoriteter

<sup>7</sup> Læreplan i norsk

### Morsmålsopplæring og/eller tospråklig fagopplæring

Etter opplæringslova § 2-8 har eleven *om nødvendig* også rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Tospråkleg fagopplæring er fagleg støtte på morsmålet i dei ulike faga. Slik opplæring skal gå føre seg ved den skulen eleven til vanlig går på, medan morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skule og kome *i tillegg* til den ordinære fag- og timefordelinga.

Læreplanen i morsmål for språklege minoritetar<sup>8</sup> skal saman med læreplanen i grunnleggjande norsk fremje tilpassa opplæring i høve § 2-8 i opplæringslova. Skuleeigar/skulen vel om morsmålsopplæring etter læreplanen i morsmål for språklege minoritetar skal vere ein del av den særskilde språkopplæringa. Også læreplanen i morsmål er ein overgangsplan som berre skal nyttast til elevane kan følgje opplæringa etter den ordinære læreplanen i norsk. Hovudformålet med opplæringa er å styrke elevane sine føresetnader for å meistre det norske språket - og dermed høve til læring gjennom utvikling av grunnleggjande lese- og skrivedugleikar, ordforråd og omgrepsforståing på morsmålet. Under punktet «Vurdering» i læreplanen står følgjande: «*Læreplanen er en nivåbasert overgangsplan som kan nyttas til elevene kan følge opplæring etter ordinær læreplan i norsk. Det gis derfor ikke vurdering med karakter.*» (s.6)

### Rett til spesialundervisning

Elevar med rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 kan også ha rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Dette blir ei konkret vurdering som må gjerast i kvart enkelt tilfelle og blir såleis ikkje vurdert i dette tilsynet.

### Forvaltningslova

Det følgjer av opplæringslova § 2-8, jf forvaltningslova § 2, at kommunen skal gjere enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Dette er også presisert i førearbeida<sup>9</sup>: «*Når kommunen tek stilling til kva rettar ein elev har etter opplæringslova § 2–8, er det eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.*»

Forvaltningslova<sup>10</sup> (fvl.), regulerer korleis kommunen skal gå fram i sakshandsaminga si. Særleg gjeld dette forhold som knyter seg til enkeltvedtak.

- Kommunen må sjå til at det blir fatta skriftleg enkeltvedtak om rett til særskild språkopplæring for dei elevane som har rett til slik opplæring, jf fvl. § 23.
- Vedtaka skal grunngjevast individuell; dvs. både kvifor særskild språkopplæring blir gitt, alternativt ikkje gitt eller tek slutt (retten opphøyrer), jf fvl. § 24.
- I kommunen si grunngjeving skal det gå fram kva reglar som vedtaket byggjer på, med mindre parten kjenner reglane. Med andre ord skal vedtaket vere såpass konkret at foreldra skal vere i stand til å forstå vedtaket, jf fvl. § 25, første ledd. Det følgjer av god forvaltningsskikk at opplæringa sitt innhald, omfang og organisering går klart fram for mottakar, slik at klageretten blir reell.
- I underretninga skal vidare gjevast opplysning om klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåten ved klage, samt om retten etter § 18, jfr § 19 til å sjå dokumenta i saka, jf fvl § 27, tredje ledd, første setning.

<sup>8</sup> Læreplan i morsmål for språklige minoriteter

<sup>9</sup> Ot.prp. nr. 55 (2003-2004) Om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova

<sup>10</sup> Lov om behandlingsskikk i forvaltningssaker (forvaltningsloven).

- Føresette skal også ha høve til å uttale seg før det blir fatta vedtak, og gje samtykke til at det vert sett i verk vedtak, jf fvl. § 16. Samtykke til iverksetting av vedtak etter opplæringslova § 2-8 er ikkje ei fråskrivning av klageretten.
- Det vert ikkje kravd sakkunnig vurdering. Skulen må derimot kartleggje eleven sin språklege dugleik i norsk, og gi ei vurdering av kva slags språkopplæring som vil vere mest eigna for eleven. Manglande kartlegging vil innebære ein feil ved saksbehandlinga, jf. fvl. §§ 17 og 24.

I dette dokumenttilsynet har ein ikkje grunnlag for å undersøkje alle lovkrava knytt til opplæringslova § 2-8. Vi søker fyrst og fremst å avklare følgjande forhold:

- Blir det gjort kartlegging av elevane sine norskdugleikar før det blir fatta vedtak om særskild språkopplæring?
- Blir det gjort kartlegging undervegs i opplæringa, for å vurdere når elevane har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa?
- Blir det gjort enkeltvedtak for alle som får særskilt språkopplæring?
- Inneheld enkeltvedtaka vedtak om både særskild norskopplæring, morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring og/eller anna tilpassa opplæring (jf. § 2-8, 3. ledd)?
- Er enkeltvedtaka (tildeling/avslag) grunngjevne?
- Stettar enkeltvedtaka formkrava i forvaltningslova?

#### **Lovkrava i § 13-10, 2. ledd om forsvarleg system relatert til § 2-8**

##### Forsvarleg system

- Etter opplæringslova § 13-10, 2. ledd skal kommunen ha et forsvarleg system for å vurdere og følgje opp praksis i forhold til lovkrava i opplæringslova.
- Førearbeida seier at kommunen står fritt til å utforme systemet ut frå sine behov, så lenge systemet kan oppfattast som forsvarleg.
- Om systemet for vurdering og resultatoppfølging er forsvarleg, er avhengig av ei konkret og heilskapleg vurdering. Systemet skal vere eigna til å førebyggje brot på lovkrav og sikre tiltak for oppfølging dersom kommunen finn at krava i opplæringslova § 2-8 ikkje blir ivaretekne.

I dette dokumenttilsynet har ein ikkje grunnlag for å undersøkje alle sider knytt til lovkravet i opplæringslova § 13-10 relatert til opplæringslova § 2-8.

Vi søker først og fremst å avklare følgjande forhold:

- Er det utarbeidd prosedyrar/ retningsliner for ivaretaking av elevrettane etter § 2-8 både for kommune-/ og skulenivå og er rutinane skriftlige?
- Inneheld prosedyrane tilstrekkeleg informasjon til å gjere det sannsynleg at elevrettane blir oppfylt som t.d.:
  - Informasjon om rettane etter § 2-8?
  - Informasjon om foreldresamarbeid?
  - Informasjon om saksgang?
  - Avklaring av kven som har ansvar for kva?
  - Nødvendige skjema og maalar (vedtak, rapportering etc.)
- Finst det prosedyrar/ retningsliner for kartlegging i høve § 2-8?
- Er det gjort tydelig kven som har ansvaret for kartlegginga?



**FYLKESMANNEN  
I SOGN OG FJORDANE**

SM42-12

Sakshandsamar: Bodhild Therese Cirotzki  
Telefon:  
E-post: fmsfboc@fylkesmannen.no

Vår dato  
28.06.2012  
Dykkar dato

Vår referanse  
2012/800 - 611  
Dykkar referanse

Bremanger kommune  
Postboks 104  
6721 Svelgen

## **Tilsyn med Bremanger kommune - rapport**

Vedlagt følger tilsynsrapport etter tilsyn 16.05.2012.

Fylkesmannen avdekka eit avvik etter tilsynet.

I samråd med Bremanger kommune har vi sett frist for lukking av avvik til 19.10.2012.

Fylkesmannen ber om skriftleg melding innan denne dato.

Med helsing

Åslaug Krogsæter  
utdanningsdirektør

Bodhild Therese Cirotzki  
rådgjevar

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

**TILSYN med Bremanger kommune – rapport**

**Bremanger kommune  
Rådhuset  
Postboks 104  
6721 Svelgen**

Fylkesmannen si tilsynsgruppe:  
Bodhild Therese Cirotzki - revisjonsleiar  
Anne Marte Sæle - revisor

Kontaktperson i kommunen:  
Gunnar Skjølberg

---

**Regelverk:**

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagen
- Forvaltningslova

**Tilsynet omhandla følgjande emne:**

- Kommunen som godkjenningsmyndigheit jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Barnehagelova § 12 a rett til barnehageplass
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18

Fylkesmannen avdekka eit avvik under tilsynet.

**Avvik 1**

**Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.**

Dato, 28.06. 2012

Bodhild Therese Cirotzki, revisjonsleiar

Anne Marte Sæle, revisor

**Innhald:**

1. Innleiing
2. Tema for tilsyn
3. Dokumentunderlag
4. Avvik
5. Klagerett
6. Gjennomføring
7. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

**1. Innleiing**

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Bremanger kommune 16.05. 2012. Tilsynet er ein del av Fylkesmannen sine pålagde tilsyn gjeve i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Tilsynet har merksemd på om kommunen oppfyller krav innanfor nemnde emne. Rapporten omtalar avvik som vart avdekka under tilsynet og eventuelle merknader som vart gjevne. **Rapporten gjev såleis ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemynde.**

Formålet med tilsynet var å vurdere om Bremanger kommune har tilfredsstillande styring i forhold til regelverket. Tilsynet omfatta m.a. undersøking om:

- aktivitetar vart utførte slik som skildra og utført
- kommunen driv verksemda innanfor dei rammer som myndigheitene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis.

- **AVVIK** er mangel på oppfyling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

- **MERKNAD** er eit forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav frå myndigheitene avdekkjer eit forbettringspotensiale.



## 2. Tema for tilsynet

- Kommunen som godkjenningsmyndighet jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Kommunen si handtering av regelverket rett til plass i barnehage jf. barnehagelova § 12a
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av pedagognorm og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18

Tilsynet skal kontrollere at kommunen fører tilsyn med alle barnehagane i kommunen og kommunen sin godkjenningspraksis. Tilsynet blir utført som systemrevisjon.

## 3. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunen si årsmelding eller tilsvarende
- årsrapport for barnehageområdet
- kommunale planar som beskriv barnehageområdet
- verksemdsplan og årsplan for barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet
- godkjenningsdokument for alle barnehagane og oppvekstsenter i kommunen
- kommunen sin rutine for tildeling av barnehageplass
- oversikt som viser tal søkarar ved siste hovudopptak
- oversikt som viser detaljert venteliste ved siste hovudopptak
- vedtektene for barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet
- kommunen sin plan for tilsyn
- oversikt over gjennomførte tilsyn og tilsynsrapportar frå 2010 til dd
- dokumentasjon frå barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet som viser oversikt over styrarressurs, bemanning og barnegrupper slik dei er i dag

#### 4. Avvik

Det vart gitt eit avvik under tilsynet

##### Avvik 1

**Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.**

##### **Barnehagelova § 10 Godkjenning.**

*"Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2. Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår for driften med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen."*

##### **Lovkommentar**

Kommunen godkjenner barnehagedrift ut frå søknad, og etter vurdering av korleis barnehagen er eigna i høve formål og innhald jf. §§ 1, 1a og 2.

Kommunen skal gjere ei konkret vurdering av dei fysiske rammene, dvs. om lokala og uteområda er eigna for drift av barnehage. Kommunen skal fastsetje leike- og opphaldsareala inne. Kommunen skal vurdere om bemanninga er forsvarleg og om krav til pedagognorm er halden. Kommunen skal kontrollere vedtektene.

Ved godkjenning vert det i tillegg stilt krav om godkjenning etter anna regelverk som:

- Plan og bygningslova 14.juni 1985 nr. 77
- Byggforskrifta vedteken 22. januar 1997
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular vedteken 1. desember 1995
- Arbeidsmiljølova 17. juni 2005 nr. 62
- Brann – og eksplosjonsvernlova 14. juni 2002 nr. 20
- Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn vedteken 26. juni 2002
- Forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr vedteken ved kgl.res. 19. juni 1996 med heimel i lov 11. juni 1976 nr. 79 om kontroll med produkt og forbrukarteneste

For å godkjenne barnehagen etter barnehagelova § 10 må godkjenning i anna regelverk ligge ved. Godkjenninga av barnehagar er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 b. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve.

## 5. Klagerett

Pålegg om endring er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast til Utdanningsdirektoratet. Ei eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet melding om vedtaket er kome fram til kommunen, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Om utforming av klage sjå forvaltningslova § 32.

## 6. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om tilsyn vart utsend 20.02 2012.

Kommunen sin frist for innsending av dokumentasjon var sett til 23.04. 2012.

Opningsmøte vart gjennomført 16.05. 2012

Det vart utført intervju med seks personar 16.05.12 2012.

Sluttmøte vart gjennomført 20.06.2012.

## 7. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

Tabellen under viser ei oversikt over deltakarane frå kommunen.

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Opp- summering	Sluttmøte
Karl Vidar Førde	Ordførar	X			
Gunnar Skjølberg	Etatssjef oppvekst	X	X	X	X
Isak Berle	Driftssjef Kalvåg barnehage	X	X	X	
Helge Bakke	Driftssjef Davik barnehage	X	X	X	
Henny Frøystad Almenning	Fagleiar Davik barnehage	X	X	X	
Carina Solvåg	Driftssjef Svelgen oppvekst	X	X	X	
Kari Rita Frøyen	Fagleiar Svelgen oppvekst	X	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok Bodhild Therese Cirotzki og Anne Marte Sæle

SM 43-12

**HELSETILSYNET**

tilsyn med barnevern, sosial- og helsetjenestene

Internserien 8/2011

Utgitt av Statens helsetilsyn

## Retningslinjer for oppfølging og avslutning av tilsyn ved lovbrudd i virksomheter

**Målgruppe:** Ansatte i Statens helsetilsyn og fylkesmannsembetene

**Saksbehandlere:** Øyvin Palm, Hege Kristin Millerud og Wenche Skjær 26. oktober 2011

**Godkjent av:** Lars E. Hanssen, 26. oktober 2011

**Vurderes innen:** 30. juni 2012

## Innhold

<b>1</b>	<b>Retningslinjenes innhold og målsetting.....</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Hva skal gjøres etter endelig rapport / avsluttende brev .....</b>	<b>3</b>
2.1	Hva tilsynsmyndigheten skal be virksomheten om .....	4
2.2	Tilsynsmyndighetens organisering av arbeidet.....	5
2.3	Tilsynsmyndighetens aktiviteter .....	5
<b>3</b>	<b>Tidsfrister.....</b>	<b>6</b>

## 1 Retningslinjenes innhold og målsetting

Målet med disse retningslinjene er å bidra til at tilsynsmyndigheten følger opp tilsyn der det er funnet lovbrudd, i tråd med kravene til godt tilsyn og forsvarlig forvaltning:

- at tilsynsmyndigheten følger opp tilsyn på en måte som understøtter den enkelte virksomhets ansvar for å drive i samsvar med kravene i barnevern-, sosial- og helse- og omsorgslovgivningen
- at tilsynsmyndigheten bidrar til at virksomhetens arbeid med å rette lovbrudd har den nødvendige fremdrift
- at tilsynsmyndigheten bidrar til at virksomhetens arbeid med å rette lovbrudd fører til tiltak som gir varige endringer og forebygger liknende lovbrudd i fremtiden

Retningslinjene gjelder der Fylkesmannen eller Statens helsetilsyn, heretter kalt tilsynsmyndigheten, har avdekket lovbrudd i virksomheter i barnevern-, sosial- eller helse- og omsorgstjenesten. Den gjelder for planlagt og hendelsesbasert tilsyn. Retningslinjene gjelder for perioden frem til virksomheten har rettet lovbruddet eller til tilsynsmyndigheten vurderer å gi pålegg.

Retningslinjene bygger på at tilsyn skal følges opp ved dialog mellom tilsynsmyndigheten og virksomheten. Dialogen skal gjennomføres i tråd med prinsippene for god forvaltningsskikk. Hvis dialogen ikke fører frem skal det vurderes å treffe enkeltvedtak om pålegg.

Retningslinjene bygger på veilederne for behandling av hendelsesbaserte tilsynssaker (veileder for tilsynssaker del I for Helsetilsynet i fylket og del II for Statens helsetilsyn, veileder for behandling av hendelsesbaserte tilsynssaker etter sosialtjenestelovgivningen, og veileder for behandling av hendelsesbaserte tilsynssaker etter lov om barneverntjenester) og prosedyren for tilsyn utført som systemrevisjoner. Den foreliggende prosedyren erstatter disse dokumentenes omtale av avslutning av tilsyn. Retningslinjene erstatter også brev fra Statens helsetilsyn til embetene av 15. juni 2010 om rask oppfølging etter systemrevisjon (2010/634).

## 2 Hva skal gjøres etter endelig rapport / avsluttende brev

Arbeidet med å følge opp tilsynet starter når endelig rapport eller avsluttende brev er ferdig. I oversendelsesbrevet til endelig rapport og i avsluttende brev skal tilsynsmyndigheten tydelig beskrive hvilke aktiviteter som forventes av virksomheten i arbeidet med å bringe forholdene i samsvar med lovkrav.

Virksomheten har ansvar for å rette påpekt lovbrudd og tilsynsmyndigheten skal følge opp inntil virksomheten har rettet lovbruddet. Tilsynet skal ikke avsluttes før tilsynsmyndigheten er rimelig sikker på at virksomhetens ledelse har rettet lovbruddet og har lagt til rette for at tjenestene fremover vil kunne ytes i samsvar med aktuelle lov- og forskriftskrav. Etter at tilsynet er avsluttet skal det vurderes om det er aktuelt å be virksomheten sende rapport fra ledelsens gjennomgang av om tiltakene har virket etter hensikten. Hvor lang tid som skal gå fra tilsynet er avsluttet og til virksomhetens ledelse gjennomfører en slik gjennomgang må vurderes i det enkelte tilfelle.

Det er Fylkesmannen som skal følge opp tilsynet. Unntaket er når Statens helsetilsyn har besluttet selv å gjennomføre og følge opp tilsyn. I de hendelsesbaserte sakene hvor Fylkesmannen har oversendt saken til Statens helsetilsyn for vurdering, skal Fylkesmannen følge opp saken når Statens helsetilsyn er ferdig med sin saksbehandling og har sendt avsluttende brev til virksomheten.

## 2.1 Hva tilsynsmyndigheten skal be virksomheten om

I hvert tilsyn må tilsynsmyndigheten vurdere hvilke aktiviteter det er hensiktsmessig å be virksomhetens ledelse om å gjennomføre for å rette lovbruddet så raskt som mulig og sikre forsvarlig virksomhet, for å hindre at tilsvarende skjer igjen. Tilsynsmyndigheten må vurdere om lovbruddet er så alvorlig at det er påkrevet med hasteløsninger, eventuelt om det skal startes en påleggssak. Både typen lovbrudd og alvorlighetsgrad må vurderes når det skal settes frister.

Tilsynsmyndigheten skal vanligvis be virksomheten om:

- å gjøre sin egen vurdering av hvilke forhold som påvirker og bidrar til lovbruddet
- å utarbeide plan med tiltak for å rette lovbrudd
- å bekrefte at tiltak er iverksatt
- resultatet av ledelsens gjennomgang og ledelsens vurdering av om tiltakene har virket som planlagt etter at de har vært virksomme noe tid

### Virksomhetens egen vurdering av hvilke forhold som påvirker og bidrar til lovbruddet

Tilsynsmyndigheten har, ved planlagte tilsyn og i en hendelsesbasert tilsynssak, sett et begrenset utsnitt av virksomheten. Tilsynsmyndigheten påpeker lovbrudd og hvilke funn eller fakta vurderingen bygger på.

I noen tilfeller kan det i tillegg være andre forhold ved virksomheten som også har påvirket og bidratt til lovbruddet. For at virksomhetens tiltak for å rette lovbruddet skal gi varige løsninger som sikrer at den etterlever kravene i fremtiden, bør virksomheten gjøre sin egen vurdering av hvilke forhold som har bidratt til lovbruddet. Tilsynsmyndigheten kan, basert på de konkrete funnene og den aktuelle situasjonen, anbefale virksomheten å foreta en slik vurdering, men skal ikke be om å få denne vurderingen tilsendt.

Virksomheten bestemmer selv hvordan det er mest hensiktsmessig å gjøre denne vurderingen basert på kjennetegn ved virksomheten, de aktuelle lovbrudd og om årsakene er åpenbare eller ikke. Gjennomgangen kan for eksempel gjøres i et møte eller ved at virksomheten gjør en mer omfattende vurdering for å identifisere hvilke elementer i hendelsesforløpet som ikke er godt nok sikret.

## **Virksomhetens plan for å rette lovbruddet**

Planen skal vanligvis inneholde fire elementer:

- Tiltak som settes i verk for å rette lovbruddet
- Hvordan ledelsen vil følge med på og kontrollere at tiltakene er iverksatt
- Hvordan ledelsen vil gjennomgå om tiltakene har virket som planlagt etter at de har fått virke en stund
- Virksomhetens egne frister for å sikre fremdrift

## **Virksomhetens bekreftelse på at tiltakene er iverksatt**

Virksomheten skal i egen rapportering, eventuelt i flere rapporteringer, bekrefte at tiltakene i planen er iverksatt. Rapporteringen(e) gir tilsynsmyndigheten mulighet for å kontrollere at virksomheten holder sin egen fremdriftplan. I noen tilfeller vil virksomheten melde at tiltakene er iverksatt så raskt at en plan ikke er nødvendig.

## **Ledelsens gjennomgang og vurdering av om tiltakene fortsatt er i bruk og har virket som planlagt**

Tilsynsmyndigheten må ved avslutningen av tilsynet gjøre en konkret vurdering av om lovbruddene er av en slik art at det er hensiktsmessig å be om en rapport om ledelsens gjennomgang og vurdering av om tiltakene har virket som planlagt etter at tiltakene har virket en tid.

Virksomheten beslutter selv hvordan det er mest hensiktsmessig å foreta en slik gjennomgang og vurdering. Resultatet av ledelsens gjennomgang rapporteres til tilsynsmyndigheten.

## **2.2 Tilsynsmyndighetens organisering av arbeidet**

Vi anbefaler at den som har ledet det aktuelle tilsynet, for eksempel revisjonsleder ved en systemrevisjon, følger saken til sin avslutning. Dette vil bidra til å sikre sammenhengen mellom undersøkelsesfasen, bedømmingen av funnene og arbeidet med oppfølging og vurdering av virksomhetens arbeid med å bringe forholdene i samsvar med lovens krav.

Når det gjennomføres planlagt tilsyn i spesialisthelsetjenesten med regionale team, skal tilsynet følges opp av Fylkesmannen i det fylket hvor virksomheten hører hjemme. I de tilfeller hvor revisjonsleder er fra et annet fylke, bør det avtales hvordan revisjonsleder skal bidra i oppfølgingen. Det vil lette oppfølgingsarbeidet hvis den som skal følge opp i eget fylke er med i forberedelsen og gjennomføringen av tilsynet.

## **2.3 Tilsynsmyndighetens aktiviteter**

Tilsynsmyndigheten må forsikre seg om at virksomheten retter påpekte lovbrudd. Det innebærer å etterspørre vurderinger og aktiviteter fra virksomheten, og å vurdere om aktivitetene er tilstrekkelige.



Tilsynsmyndighetens oppfølging består i:

- å vurdere om planen er tilstrekkelig
- å vurdere om lovbruddet kan anses som rettet og om resultatet av ledelsens gjennomgang og vurdering sikrer at tilsvarende ikke skjer igjen
- å vurdere løpende om det er behov for å bruke pålegg
- bekrefte at tilsynet er avsluttet

Når planen mottas, skal tilsynsmyndigheten umiddelbart vurdere innholdet, både tiltakene og de fristene virksomheten setter for eget arbeid. Dersom tilsynsmyndigheten mener noe er uklart eller utilstrekkelig, skal dette tas opp med virksomheten, eventuelt muntlig for ikke å miste tid. Tilsynsmyndigheten skal uansett gi skriftlig tilbakemelding om at planen er mottatt.

Tilsynsmyndigheten må gjøre en konkret vurdering av om det er aktuelt å gi pålegg i de ulike stadiene i oppfølgingen av hvert enkelt tilsyn.

Når virksomheten rapporterer at lovbruddet er rettet, skal tilsynsmyndigheten vurdere om dette stemmer. Vurderingen gjøres normalt ved å gjennomgå virksomhetens skriftlige tilbakemelding. I tillegg kan tilsynsmyndigheten gjennomføre stikkprøve i virksomheten, innhente relevante dokumenter, gjennomføre et nytt tilsyn eller benytte en kombinasjon av slike aktiviteter.

Når tilsynsmyndigheten er rimelig sikker på at virksomheten har rettet lovbruddet, skal virksomhetens ledelse informeres om at tilsynet er avsluttet. Ved planlagt tilsyn skal det sendes kopi av brevet til Statens helsetilsyn for oppdatering av den tilsynsrapporten som er lagt ut på internett <http://www.helsetilsynet.no>.

Tilsynsmyndigheten skal også vurdere om det skal innsendes en ny rapport om ledelsens gjennomgang av om tiltakene har virket, etter en tidsperiode som skal tilpasses de aktuelle tiltakene.

### 3 Tidsfrister

Tilsynsmyndigheten skal sette frister for sitt eget oppfølgingsarbeid. Ett av formålene med denne retningslinjen er å bidra til at lovbrudd bringes i orden innen rimelig tid. Det forutsetter at tilsynsmyndigheten selv sikrer så kort saksbehandlingstid som mulig.

Påpekte lovbrudd skal rettes så raskt som mulig. Når det i planlagt tilsyn er enighet om funnene allerede i sluttmøtet, kan virksomheten anbefales å sette i verk tiltak umiddelbart. Det er ikke alltid nødvendig å vente på endelig rapport<sup>1</sup>.

Hvor lang frist virksomheten skal gis fra lovbrudd blir påpekt i endelig rapport eller i avsluttende brev og til virksomheten har brakt forholdene i orden, må vurderes konkret i hvert tilsyn. Virksomhetens egen angivelse av hvor lang tid som er nødvendig skal tillegges vekt.

---

<sup>1</sup> I Prosedyren for tilsyn utført som systemrevisjon, pkt 5.6.1 står det: "Oversendelsen av endelig rapport skal normalt skje innen 6 uker etter sluttmøtet."

Tilsynsmyndigheten må også ta stilling til virksomhetens angivelse av hvor lang tid den trenger fra tiltakene er satt i gang til det gir mening å vurdere om tiltakene virker. Tidsfristene skal være så korte som realistisk mulig.

For å sikre fremdriften i virksomhetens arbeid med å rette lovbrudd skal tilsynsmyndigheten i oversendelsesbrevet eller avsluttende brev sette en frist for når plan for retting av lovbruddet skal foreligge.

Når tilsynsmyndigheten vurderer fristen, eventuelt i dialog med virksomheten, skal den ta hensyn til alvorligheten av lovbruddet for tjenestemottakerne, til kompleksiteten i de forhold som påvirker lovbruddet og til å sikre at retting skjer så raskt som mulig.

I tilsyn med flere påpekte lovbrudd skal tilsynsmyndigheten vurdere om det er nødvendig å ha ulike frister for å rette ulike lovbrudd. Lovbrudd som kan rettes på kort tid bør ikke ha lang frist selv om ett eller flere andre lovbrudd vil kreve lengre tid.

Normalt kan virksomheten bruke inntil en måned på å utarbeide planen med tiltak som skal rette lovbruddet. I planlagt tilsyn utført som systemrevisjon har virksomheten i praksis noe lengre tid hvis arbeidet med å rette lovbruddet starter umiddelbart etter sluttmøtet, jfr. fotnoten. Videre skal det normalt ikke gå lenger enn 4 måneder fra endelig rapport eller avsluttende brev foreligger før tilsynet avsluttes.

Noen lovbrudd kan og skal rettes raskere enn det som fremgår av normen nedenfor. Andre ganger trenger virksomheten lengre tid på å rette lovbruddet og for å vurdere om tiltakene har virket som planlagt. Tilsynsmyndigheten skal gjøre en konkret vurdering av frister i hvert enkelt tilsyn. Dersom oppfølgingsarbeidet vurderes å ta mer enn 6 måneder, skal tilsynsmyndigheten avtale milepæler for rapportering underveis i prosessen. For eksempel vil månedlig rapportering bidra til at både virksomheten og tilsynsmyndigheten holder fokus på at tilsyn skal føre til at de ansvarlige i virksomheten retter påpekte lovbrudd. Hvilke formalkrav som skal stilles til milepælsrapportering må vurderes konkret, men det skal dokumenteres at tilsynsmyndigheten følger opp som forutsatt.

Tilsynsmyndigheten skal følge med på om tidsfristene blir fulgt. Tilsynslederne, avdelingsdirektører og fylkesleger, er ansvarlig for å iverksette rutiner som gjør at det kan treffes tiltak (purring, møter o.a.) hvis virksomheten ikke rapporterer som planlagt.

Oppstillingen på neste side gir veiledende frister som tilsynsmyndigheten skal vurdere i forhold til i hvert enkelt tilsyn:

<b>Hovedmønsteret for hva tilsynsmyndigheten skal be virksomheten om og hvordan tilsynsmyndighetens skal følge opp – med frister</b>					
	<b>Virksomheten blir bedt om</b>	<b>Tidsbruk for virksomheten</b>	<b>Tilsynsmyndigheten skal</b>	<b>Tilsynsmyndighetens tidsbruk</b>	<b>Medgått tid</b>
<b>1.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>plan for retting med de 4 elementene</li> </ul>	Inntil 1 mnd			<b>Inntil 1 mnd</b>
			<ul style="list-style-type: none"> <li>vurdere om plan for retting med de 4 elementene (2.c) er tilstrekkelig</li> <li>svare skriftlig</li> </ul>	Inntil ½ mnd	<b>Inntil 1½ mnd</b>
<b>2.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>å rapportere at tiltakene i planen er satt i verk og bekrefte at lovbruddene er rettet</li> </ul>	Inntil 2 mnd			<b>Inntil 3½ mnd</b>
			<ul style="list-style-type: none"> <li>vurdere rapporteringen</li> <li>svare skriftlig om lovbruddet er rettet og avslutte tilsynet</li> <li>vurderer om det skal bes om rapport fra ledelsens gjennomgang av om tiltakene har ønsket effekt</li> </ul>	Inntil ½ mnd	<b>Inntil 4 mnd</b>
<b>3.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>å bekrefte at virksomhetens ledelse har kontrollert og vurdert at rettetiltakene har effekt</li> </ul>	2-4 mnd			<b>Inntil 6-8 mnd</b>
			<ul style="list-style-type: none"> <li>vurdere resultatet av ledelsens gjennomgang og vurdering</li> </ul>	Inntil ½ mnd	<b>Inntil 6½ -8½ mnd</b>

**OVERSIKT DOKUMENT REVISORSAKA BREMANGER KOMMUNE TILKOMNE I PERIODEN 30. MAI – 17. OKTOBER 2012**

1. Brev frå styreleiar i KRYSS revisjon om «Revisorsaka i Bremanger – Bremanger kommune sitt eigarskap og deltaking i det interkommunale revisjonssamarbeidet KRYSS revisjon», datert 30. 05.12.
2. Vedlegg til ovanfor nemnde brev – Utkast til felles pressemelding der Bremanger kommune orsakar handsaminga av KRYSS revisjon.
3. E-post frå Terje Førde til rådmannen og ordførar om Bremanger kommune og KRYSS revisjon, datert 01.06.12.
4. E-post frå ordførar til formannskapet om vidare handtering av saka vedr. KRYSS revisjon, datert 08.06.12.
5. E-post frå forhandlingsutvalet i Bremanger v/varaordførar til styreleiar i KRYSS revisjon om engasjementsbrev, datert 19.09.12.
6. Brev frå leiar og nestleiar i KRYSS revisjon til Bremanger kommune v/forhandlingsutvalet om Revisjonssamarbeid med KRYSS revisjon, datert 21.09.12.
7. E-post frå dagleg leiar i KRYSS revisjon til Sekom sekretariat etter innkalling av kontrollutvalet til møte, datert 16.10.12.

Førde 18.10.12

Asgeir Tveit

Bremanger Kommunestyre  
v/Ordføreren

6723 SVELGEN

1

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
KU-sak 27.02.12, sak 08/12	Møte 22.03.12	026&58	064/2012	30. mai 2012
KU-sak 01.03.12, sak 10/12	Møte 18.04.12			
Kst-sak 20/12 og 22/12	Samstyresak 260312			
	Samstyresak 240512			

### «REVISORSAKA I BREMANGER» – BREMANGER KOMMUNE SITT EIGARSKAP OG DELTAKING I DET INTERKOMMUNALE REVISJONS-SAMARBEIDET 'KRYSS REVISJON'

KRYSS Revisjon vart etablert i 2005 og er eit interkommunalt revisjonssamarbeid som er eigd av 11 kommunar, mellom dei Bremanger kommune, med eit gjensidig solidarisk ansvar. KRYSS Revisjon er eit budsjettkopla og non-profit-basert samarbeid, der over- og underskot vert ulikna mellom kommunane. Selskapet er politisk styrd gjennom eit Arbeidsutval (5 repr.) og ein representantskap på 11 med ein representant frå kvar av eigarkommunane. Representantskapet har nemninga Samstyret.

«Revisorsaka i Bremanger» har vore til handsaming i ekstraordinært Samstyremøte den 26.03.12, i KRYSS Revisjon sitt Arbeidsutval den 19.04.12 og no sist i nytt Samstyremøte den 24. d.m. Vi viser også til møta som har vore mellom Bremanger kommune sitt Forhandlingsutval og vår Styreleiar og Nestleiar, i møte i Førde 22.03.12 og 18.04.12.

Den 26.03.12 gjorde Samstyret samrøystes vedtak om bl.a. følgjande:

«»

- *KRYSS Revisjon vil overprøve Bremanger Kommunestyre sitt vedtak i K-sak 020/2012, ved å klage på vedtaket og krevje vedtaket ulovleg etter Forvaltningslova, § 41.*
- *Styreleiar får fullmakt til å ta kontakt med Bremanger kommune ved fungerande ordførar Nina Grotle, for utarbeiding av ei felles pressemelding som skal innehalde fakta i saka og ein offentleg beklagelse frå kommunen. Pressemeldinga skal underteiknast av Styreleiar i KRYSS Revisjon og fungerande Ordførar i Bremanger kommune.*

«»

I møtet i Førde den 22.03.12, som Bremanger kommune sitt forhandlingsutval bad om, vart det beklaga det som var blitt gjort i Bremanger Kommunestyre sitt møte 15.03.12, sak 020/12. Dagen etter møtet i Førde; dvs. 23.03.12, mottok KRYSS Revisjon via e-post frå fungerande ordførar Nina Klara Grotle, ei erklæring om full tillit til revisor og KRYSS Revisjon.

Det har vore to drøftingsmøter mellom Bremanger kommune sitt Forhandlingsutval og KRYSS Revisjon sin Styreleiar og Nestleiar. Dagleg leiar i KRYSS Revisjon har ikkje vore med på desse møta. Begge møta har vore i Førde, høvesvis den 22.03.12 og den 18.04.12.

Til drøftingsmøtet i Førde den 18.04.12 la Styreleiar i KRYSS Revisjon fram eit utkast til ordlyd i ei felles pressemelding utan at kommunen sitt forhandlingsutval var villige til å drøfte denne noko nærmare. Det vart påberopa at fungerande ordførar og Forhandlingsutvalet ikkje hadde mandat eller fullmakt til å signere ei slik sak; trass i at det var dei sjølve som hadde teke initiativ til og bedt om begge møta med KRYSS Revisjon. KRYSS Revisjon er svært skuffa over den måten Bremanger kommune som seriøs avtalepart og medeigar har handtert dette på.

Ettersom Kommunestyre den 27.03.12 gjorde vedtaket frå 15.03.12, *om inkje*, har ein valgt å ikkje effektuere denne delen av Samstyret sitt vedtak av 26.03.12, sjølv om vi likevel har innhenta eksterne juridiske vurdering av den måten saka er handtert på av Kontrollutvalet i Bremanger den 27.02. og 01.03. og av Bremanger Kommunestyre den 15.03.12.

Saka har vore førelagt Samstyret til realitetshandsaming i møte den 24. d.m., der det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«»

*Samstyret tek innhaldet i saka og orienteringane i møtet til vitande, og syner til erklæring av 23.03.12 frå Bremanger kommune om full tillit til revisor og revisjonstenestene som KRYSS Revisjon leverer til kommunen. På bakgrunn av dette stiller Samstyret seg undrande til den politiske handsaminga av saka.*

*Samstyret i KRYSS Revisjon kan ikkje akseptere at tilsette i selskapet får ei slik handsaming som ein har hatt i denne saka.*

«»

Med helsing

for KRYSS Revisjon

Trygve Jacobsen,  
Styreleiar.  
(sign.)

Terje Førde  
Dagleg leiar

UTKAST TIL  
FELLES PRESSEMELDING:

## BREMANGER KOMMUNE ORSAKAR HANDSAMINGA AV KRYSS REVISJON

KRYSS Revisjon vart etablert i 2005 og er eit interkommunalt revisjonssamarbeid eigd av 11 kommunar, mellom dei Bremanger kommune, med eit gjensidig solidarisk ansvar. KRYSS Revisjon er eit budsjettkopla og non-profit-basert samarbeid, der over- og underskot vert utlikna mellom kommunane. Eit samla Styre i KRYSS Revisjon er sterkt kritisk til at Bremanger kommune har gjort seg skuld i å ta inn utanforliggende tilhøve av privat karakter, i ei sak om revisor sin eigenerklæring om uavhengigheit. Styret i KRYSS Revisjon har handsama denne saka i ekstraordinært møte den 26.03.12.

**Bremanger kommune beklagar med dette utan atterhald måten KRYSS Revisjon er blitt handsama på i den såkalla "revisorsaka". Kommunen si politiske handsaming har vore svært uryddig og omdømmesvekkjande for KRYSS Revisjon som selskap generelt og for dagleg leiar Terje Førde spesielt. Kommunen uttrykkjer gjennom denne pressemeldinga full tillit til KRYSS Revisjon og dagleg leiar, og vidarefører revisjonssamarbeidet som før.**

Den 27.03.2012 *oppheva* Bremanger kommunestyre einstemmig vedtaket gjort 15. mars der samarbeidsavtalen med KRYSS Revisjon vart sagt opp.

Bremanger/Førde, 18. April 2012

**Nina Grotle**  
Fung. ordførar

**Trygve Jacobsen**  
Styreleiar Kryss Revisjon

## Harry Gulestøl

---

**From:** Nina Grotle [nklagr@online.no]  
**Sent:** 21. juni 2012 17:30  
**To:** Leo Cirotzki; Harry Gulestøl  
**Subject:** Fw: Bremanger kommune og KRYSS Revisjon  
**Attachments:** Brev etter Samstyret sitt vedtak 240512 Bremanger-saka.doc; UTKAST TIL PRESSEMELDING frå BREMANGER KOMMUNE og KRYSS Revisjon 180412.doc

Heil

Etter avtale vidaresender eg brev frå KRYSS Revisjon. Dette brevet ligg på Bremanger kommune si postliste, 4. juni. Gjer dåkke spesielt merksame på Revisor sitt vedlegg til brevet.

Mvh  
Nina

----- Original Message -----

**From:** Karl Vidar Førde  
**To:** Bremanger formannskap  
**Sent:** Friday, June 08, 2012 8:55 AM  
**Subject:** VS: Bremanger kommune og KRYSS Revisjon

4

Hei!

Eg og varaordførar har diskutert korleis vi skal håndtere saka vedr. KRYSS Revisjon framover. Vi har konkludert med at varaordførar håndterer denne saka vidare, i og med at ho har vore med i møta med styret i KRYSS Revisjon. Varaordførar ynskjer å ta ei orientering vedr. KRYSS Revisjon på tysdag. Sender etter avtale med varaordførar mail med vedlegg frå Terje Førde-KRYSS Revisjon. Ein ynskjer at mailen ikkje blir vidareformidla innan orienteringa har funne stad.

Ha ein fin dag!

Med venleg helsing

Karl Vidar Førde  
Ordførar



Bremanger Kommune

Mobil 95982950  
E-post [kvf@bremanger.kommune.no](mailto:kvf@bremanger.kommune.no)

---

**Fra:** Førde Terje [<mailto:Terje.Forde@kryssrevisjon.no>]  
**Sendt:** 1. juni 2012 11:25  
**Til:** Karl Vidar Førde; Tom Joensen  
**Emne:** Bremanger kommune og KRYSS Revisjon

3

Hei.

Sender info ang saka slik at politisk og administrativ leiing i kommunen er orientert:



«Revisorsaka i Bremanger» var til handsaming i Samstyret sist torsdag, og det er oversendt brev kring dette, d. 30.05.12, som eg i original la i postkassa vis-à-vis servicekontoret i dag tidleg, i signert og underteikna stand.

Eg legg ved dette i word-format her. Eg legg også ved det utkast til felles pressemelding som Forhandlingsutvalet til Bremanger kommune vart invitert til å vere med på, men som dei ikkje har gjeve tilbakemelding på. Utkastet er forfatta av Styreleiar Trygve Jacobsen og Nestleiar Jorunn Ringstad, i representantskapen i KRYSS Revisjon, og blei utlevert i eit drøftingsmøte i Førde den 18.04.12, som Bremanger kommune sitt Forhandlingsutval bad om. Før det var det halde eit møte i Førde, som også Forhandlingsutvalet til kommunen bad om; den 22.03.12. Etter KRYSS Revisjon si oppfatning er det ikkje kome noko ut av desse møta. Som det går fram av brevet er ein samla og samrøystes representantskap svært skuffa over den måten Bremanger kommune her har opptrådt på i eit interkommunalt samarbeid.

For eigen rekning vil eg legge til at eg som revisjonssjef og fagansvarleg for revisjonstenestene i alle 11 kommunane, så håper eg at denne saka ikkje er eit bilde på korleis Bremanger skal opptre i interkommunale samarbeid. Det er 10 andre kommunar i dette samarbeidet som har tankar og meiningar om dette, og som har hatt forventningar til ei offentleg orsaking frå kommunen si side. Det er vel ingen tvil om at slik Bremanger har handtert denne saka, så har det krenka omdømmet til KRYSS Revisjon generelt og omdømmet til underteikna spesielt.

Vi har alltid hatt ein god dialog og kommunikasjon med administrasjonen og dei tilsette ute i tenesteområdene. Det er vi glade for og det opplever vi framleis. Tilbakemeldingane er også at alle kommunane og dei øvrige oppdraga er godt nøgde og tilfreds med KRYSS Revisjon sine tenester. Etter det som har skjedd og måten tilsette i KRYSS Revisjon er blitt behandla på, av dei to øverste tilsynsorgana i Bremanger kommune (Kommunestyret og Kontrollutvalet), sliter vi av forstålege grunnar med å ha tillit til leiinga i Kontrollutvalet. Det er vel riktig å vere open på dette overfor ein seriøs avtalepart og medeigar. Det er vårt håp at kommunen og Kommunestyret ser utfordringane som er i samvirket mellom revisor og kontrollutval framover. Vi skal opptre profesjonelt og korrekt i forhold til den rolla og dei oppgåver og det ansvar vi har, ved å stå for høg kvalitet på dei revisjons- og rådgjevingstenester som kommunen skal ha.

mvh  
Terje Førde  
Dagleg leiar/revisjonssjef  
Mobil: 99229227  
E-post: [terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)



## Trygve Jacobsen

---

**Fra:** Nina Grotle <nklagr@online.no>  
**Sendt:** 19. september 2012 23:22  
**Til:** Trygve Jacobsen  
**Kopi:** Karl Vidar Førde; Tom Joensen  
**Emne:** Bremanger kommune og KRYSS Revisjon



God kveld!

Takk for sist.

Viser til møtet Bremanger kommune og KRYSS Revisjon hadde den 11.09. d.å.  
Det blei her avtalt at KRYSS Revisjon skal komme med eit engasjementbrev til Bremanger kommune.

Eg vil med dette informere om at engasjementbrevet først vil bli sak i Kontrollutvalet. Deretter vil det bli lagt fram for kommunestyret.  
Etter planen skal Kontrollutvalet ha sitt neste møte den 30.10. d.å.

Dette til orientering.

Med helsing

Nina Grotle  
varaordfører i Bremanger

Styreleiar: Trygve Jacobsen, Mobil: 41 53 07 30  
Dagleg leiar/ Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27  
Revisjonssjef: [terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)  
[postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Bremanger kommune  
Forhandlingsutvalet  
Postboks 104  
6721 SVELGEN

Kopi: Ordfører Karl Vidar Førde  
Rådmann Tom Joensen

Dykkar ref.:  
Møte 11.09.12

Vår ref.:  
Møte 11.09.12

Arkivkode:  
216/br

Journalnr.:  
054 / 2012

Dokumentdato:  
21. sept. 2012

### Ang. revisjonssamarbeid med KRYSS Revisjon

Det vert vist til møte den 11.09. d.å.

Styreleiar og nestleiar har drøfta saka på bakgrunn av nemnde møte, og kan gje følgjande tilbakemelding:


KRYSS Revisjon har sidan selskapet vart oppretta i 2005 hatt faste rutiner på utsending av engasjementsbrev til eigarkommunane. Engasjementsbrevet følgjer valperioden, og vert såleis sendt den einskilde kommune etter at kommunevalet for den aktuelle perioden er ferdig. For valperioden 2011 – 2015 vart engasjementsbrevet til Bremanger kommune sendt den 09.02.12 og stila til kommunen sitt kontrollutval med gjenpart til politisk leiing v/ordførar og administrativ leiar v/rådmannen. KRYSS Revisjon følgjer på dette området såleis dei krav avtaleverket stiller og dei revisjonsstandardane som vert kravd. Engasjementsbrevet er handsama i kommunen sitt kontrollutvalet i møte den 27.02. d.å., under "Skriv og Melding" nr. "SM 04-12". Til orientering kan ein opplyse om at brevet ligg på kommunen si postliste som er offentleg tilgjengleg for ålmenta.

Engasjementsbrev til kommunane gjev ei råmeomtale av dei oppgåver som KRYSS Revisjon skal gjennomføre i løpet av valperioden, og legg derfor også føringar for disponering av våre revisorar i utføring av finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon. Det er ein omfattande prosess i KRYSS Revisjon ved utarbeiding av engasjementsbrev til dei 11 kommunane, når det gjeld bruk av selskapet sine personalressursar for valperioden. For inneverande valperiode er våre oppdragsgjevande revisorar engasjert ut i frå ein fagleg vurdering m.o.t. fordeling av oppdraga i dei ulike kommunane, og det er såleis ikkje aktuelt for selskapet å foreta ei endring av dette no. Bremanger kommune har i brev av 23.03.12 skriftleg gjeve tilkjenne for Samstyret, at kommunen ikkje har noko å utsette på kvaliteten på dei revisjonstenestene som KRYSS Revisjon leverer til kommunen.

Vi vil i den samanheng også syne til at KRYSS Revisjon er underlagt løpande eksternt tilsyn i tråd med regelverket for denne type verksemdar, og det har aldri komme merknader på at kvaliteten på tenestene ikkje er i samsvar med regelverket. Dette syner at selskapets tilsette har ein høg fagleg standard og høg integritet i det arbeidet som vert utført i høve den einskilde kommune. Korleis selskapet skal bruk sine personalressursar for neste valperiode, vert først vurdert internt i selskapet i løpet av 2015.

Med dette ser KRYSS Revisjon seg ferdig med saka.

Førde den 21.09.12

  
Trine Jacobsen  
styrelsjar



  
Jorunn Ringstad  
nestleiar

7

## Tveit Asgeir

---

**Fra:** Førde Terje  
**Sendt:** 16. oktober 2012 07:34  
**Til:** Tveit Asgeir; Øvrebø Vidar  
**Kopi:** Tom Joensen (Tom.Joensen@bremanger.kommune.no); kvf@bremanger.kommune.no; Nina Klara Grotle (Nina.Klara.Grotle2@bremanger.kommune.no)  
**Emne:** SV: Innkalling kontrollutvalsmøte 19.10.2012  
**Vedlegg:** E-post frå varaordf NGrotle 190912 til Styreleiar i KRYSS.pdf

Eg viser til e-post med varsel om innkalling til kontrollutvalsmøte i Bremanger den 19.10.

Vi fekk opplyst at møtet i Bremanger var flytta til den 30.10.

Vi er i avslutningsfasen på overordna analyse, og har hatt den 30.10. som ein dato å forholde oss til. Analysedokumentet er stort sett klart, og arbeidet er i slutføringsfasen no.

Ser av innkallingspapirene at brev av 21.09.12 frå styreleiar og nestleiar i styret vårt, til kommunen sitt forhandlingsutval, er teke med som skriv og melding. Kvifor er ikkje spørsmålsbrevet/e-posten frå varaordførar av 19.09.12 til vår styreleiar, og agendaen for møtet som var i Svelgen den 11.09.12, med ?

Og kvifor er ikkje møtereferatene frå dei tre møta som har vore mellom Bremanger kommune sitt forhandlingsutval og KRYSS Revisjon sin styreleiar og nestleiar i Styret, med som referatsaker, eller vert det ikkje skrive referat/protokollar frå slike møter. Det er kommunen sitt forhandlingsutval som har bede om alle tre møta. Det er dei som har referatansvaret her. Kvar blir i tilfelle informasjonen av ? Det er underleg at kun svarbrevet er med og ikkje det som ligg bak ?

Åleine er vel det brevet intetsigande .... men det dokumenterer og forklarar ein heil del ..

I møtet den 11.09.12 vart det påpeika frå forhandlingsutvalet at kommunen ikkje hadde fått engasjementsbrev frå KRYSS Revisjon sidan 2005. Forstå det den som vil ! Sjå nemnde brev av 21.09.12. I e-posten 19.09.12 frå varaordførar vart KRYSS Revisjon bedt om å kome med eit engasjementsbrev til kommunen. Der står det også at engasjementsbrevet skal til handsaming i Kontrollutvalet den 30.10. og at det etterpå skal til Kommunestyret. Det var ein påstand og eit krav som blei framsett frå forhandlingsutvalet til Bremanger kommune i møtet i Svelgen den 11.09.12, mellom kommunen sitt forhandlingsutval og vår styreleiar og nestleiar i styret. Eit engasjementsbrev er revisjonsfag og har ingenting med drifta av KRYSS Revisjon å gjere, og som dei styrande organ: heri styreleiar og nestleiar i styret, tek seg av. Dei revisjonsmessige oppgåver og det revisjonsfaglege ansvaret kviler åleine på revisjonssjefen og hans stab. Vi er aldri kontakta frå forhandlingsutvalet kring dette, og kvifor eit slikt spørsmål heller ikkje kjem fram via sekretariatet og/eller kontrollutvalet, eller at dette blir teke opp via kommunen sitt kontrollutvalssekretariat eller kontrollutvalet direkte, - men dukkar opp i eit slikt møte, er vi undrande til. Kontrollutvalet er vel innforstått med at dei sjølve har fått nemnde engasjementsbrev og at dei faktisk har handsama det i møte 27.02.12. (sjå innkallingspapirene og det som ligg åpent for alle på nettet).

Svarbrevet av 21.09. forklarar korleis vi handterer engasjementsbrev, og at kommunen sitt kontrollutval faktisk og reelt har fått dette skrivet (sendt frå oss 09.02.12) og at det var til handsaming i kontrollutvalet sitt møte den 27.02.12.

Som revisjonssjef er eg undrande til kva agenda og mandat forhandlingsutvalet har og kva/kven som er opphavet til å framsette krav om eit engasjementsbrev, som kommunen har fått og som er handsama i kontrollutvalet, og som er å finne for ålmenta også, på heimesidene til både kommunen og kontrollutvalet/SEKOM.

Eg vil vurdere å sende ein førespurnad til kommunen sin ordførar og rådmann om kva mandat forhandlingsutvalet her har og kva kommunikasjon og/eller dialog som er mellom forhandlingsutvalet, kontrollutvalet og kommunestyret.

Underteikna har ikkje moglegheiter til å vere til stades i kontrollutvalet i Bremanger den 19.10., men slik møtekartet er, er vel ikkje det nødvendig heller. Til informasjon så er eg også i Oslo på obligatorisk fagleg oppdatering den



## 022/12 BUDSJETT 2013 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM-sekretariat  
**Dato:** 09.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	19.10.2012	022/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Oversikt godtgjerslesatsar.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement for godtgjersle til folkevalde i Bremanger kommune.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Reise/diett	Kr. 9.000,-
Konto 10803 Møtegodtgjersle	Kr. 23.000,-
Konto 10804 Tapt arbeidsforteneste	Kr. 8.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 1.000,-
Konto 11500 Kurs/seminar	Kr. 15.000,-
Konto 11200 Anna forbr.mat/råvarer/tenester	Kr. 700,-
<u>Konto 11959 Kontingentar</u>	<u>Kr. 1.300,-</u>
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 58.000,-</u>

### KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

## **BUDSJETT 2013 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Budsjett 2013 for drift av kontrollutvalet.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle  
Køyregodtgjersle.  
Tapt arbeidsforteneste  
Møtegodtgjersle  
Arbeidsgjevaravgift  
Kurs/seminar  
Kontingentar  
Andre utgifter

For folkevalde i Bremanger kommune er møtegodtgjersle og godtgjersle for tapt arbeidsinntekt rekna ut etter ein %-sats for den til ei kvar tid gjeldande ordførargodtgjersla. For kontrollutvalet i Bremanger gjeld følgjande satsar for godtgjersle.

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste ulegitimert – 0,20% av ordførar si godtgjersle – kr. 1.322,-.
- Tapt arbeidsforteneste legitimert – inntil 0,35% av ordførar si godtgjersle – kr. 2.313,-.
- Møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar – 0,25% av ordførar si godtgjersle – kr. 1.652,-.
- Møtegodtgj. for medlemmer i kontrollutvalet – 0,085% av ordførar si godtgjersle – kr. 561,-.

Bremanger kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.



Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Bremanger kommune slik at dette er mogeleg.

## BUDSJETT KONTROLLUTVALET I BREMANGER KOMMUNE 2013

Ferjebilletter	1000	(5*150)	
Køyregodtgjersle	8000	(5*3,90*400)	(tal møter * sats * km)
Tapt arbeidsforteneste	8000	(5*1322)	feriepengar (tal møter*sats ulegm*fpsats)
Møtegodtgjersle	23000	5(5*564)+5*1652	(tal møter*sats)
Arbeidsgjevaravgift	1000	10,6% av tapt arb.fort.	
Kurs/seminar	15000		
Kontingent FKT	1300		
Kaffi/mat	700		
<b>Drift</b>	<b>58000</b>		

## 2012 Godtgjersle etter 01.05

Stortingsrepr. Løn	kr. 777 630	
Ordfører	kr. 660 985,50	
Varaordfører	kr 52 878,83 (33 049,27 +19 829,56)	
Formannskapet	kr 19 829,56	
Leiar i utval	kr 1 652,46 pr møte	
Medlemmer i utv.	Kr 561,46 pr møte	
Tapt arbeidsgodtgjersle dok.	Kr 2 313,45 pr møte	
Tapt arbeidsgodtgjersle udok	kr 1 321,97 pr møte	k

## 023/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 05.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	19.10.2012	23/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

### Saksvedlegg

- Dokumentet "Plan for selskapskontroll Bremanger kommune 2012 – 2016" med vedlegg.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kommunestyrevedtak 082/12 Eigarskapsmelding for Bremanger kommune 2012.

Eigarskapsmelding for Bremanger kommune 2012.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Bremanger kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.

### Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

## **PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - BREMANGER KOMMUNE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Bremanger kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2015.

### **Saksopplysningar:**

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Bremanger kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsending opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. Kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

**PLAN**  
**FOR**  
**SELSKAPSKONTROLL**



## **INNHALDSLISTE**

- 1. Bakgrunn**
- 2. Innholdet i selskapskontrollen**
  - Heimel
  - Innsynsrett
  - Kva består selskapskontroll i
  - Organisasjonsformer for kommunale verksemder
    - Kommunale føretak
    - Interkommunalt samarbeid
    - Interkommunalt samarbeid, eige rettssubjekt
    - Vertskommunesamarbeid
    - Interkommunalt selskap
    - Aksjeselskap(AS)
    - AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar
    - Samvirkeforetak ((SA)
    - Stifting
  - Val av organisasjonsform
- 3. Formålet med selskapskontroll**
  - Eigarskapskontroll
  - Forvaltningsrevisjon
  - Undersøkingar
- 4. Kommunen si oppfølging av selskap**
  - Eigarskapsstrategi for selskap Bremanger kommune eig eller er medeigar i.
- 5. Gjennomføring, rapportering og oppfølging av kontrollen**
  - Gjennomføring – retningsliner
  - Rapportering
  - Oppfølging

### **Vedlegg:**

- 1. Oversikt over kommunen sine engasjement i selskap og samarbeid.**
- 2. Kommunestyresak 082/12 Eigarskapsmelding for Bremanger kommune 2012**

## 1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga forskrifter om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kommunal og regionaldepartementet har i Prop. 119 L foreslått ein del endringar i kommunelova som også omfattar kontroll med selskap. Endringsforslaga er innarbeida i plandokumentet.

## 2. Innhaldet i selskapskontrollen

### Heimel

Heimel for selskapskontroll er kommuneloven (KL) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) ineresser i selskaper m.m., jf tilsvarende formulering i § 13 første lekk i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (FK). Etter § 13 andre lekk skal det «minst ein gang i valperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert». Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

### Innsynsrett

KF § 13 må sjåast i samanheng med KL § 80 som regulerer kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen sin innsynsrett i selskap. Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått endring i § 80 og den vil då lyde slik:

*« I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer,, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.*

*Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.*



*Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»*


### Kva består selskapskontroll i

Selskapskontroll kan delast i tre delar, eigarskapskontroll (obligatorisk), forvaltningsrevisjon (frivillig) og undersøkingar (frivillig).

<b>Selskapskontroll</b> <b>(kommuneloven § 77 nr. 5)</b>	<b>Obligatorisk eigarskapskontroll:</b> Kontroll med forvaltinga av kommunens eigarinteresser i selskap.
	<b>Valfri forvaltningsrevisjon:</b> Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
	<b>Undersøkingar</b> Kommunelova § 80 gir også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkinga. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Figur 1: Modell som viser kva som inngår i omgrepet selskapskontroll

I figuren under er skissert ein modell for selskapskontroll:



Figur 2: Modell for selskapskontroll

### Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Det kan vere ulike grunnar til at kommunar opprettar eller går inn i selskap:

- effektivisering av drifta
- klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profit
- investering pga. samfunnsansvar (for eksempel å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte den tradisjonelle etatsordninga.

### Organisasjonsform, lovheimel m.m:

**1. Kommunale føretak. KL kap 11.**

Er eit forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde kan organiserast som kommunalt foretak. Foretaket er framleis ein del av kommunen. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7.

**2. Interkommunalt samarbeid. KL § 27.**

Er eit forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver.

Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7, dersom det ikkje er eige rettssubjekt.

**3. Interkommunalt samarbeid. KL § 27. Eige rettssubjekt**

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Samarbeidsavtale/vedtektene seier kva fullmakter styret har.

Kommunen er eigar og styret eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon).

Kontrollutvalet har fullt innsyn eller KL. § 80 (etter forslag om endring i kommuneloven).

**4. Vertskommunesamarbeid. KL §§ 28a, 28b og 28c.**

Er eit forvaltningsorgan. Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune.

Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7 (Gjeld vertskommunen).

**5. Interkommunalt selskap (IKS). IKS-loven.**

Dette er eit eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunen kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane.

Kommunen er eigar. Representantskapet er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

**6. Aksjeselskap (AS) – heileigd av kommunale aktørar og. Aksjeloven.**

Er eige rettssubjekt.

Kommunen er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

**7. AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar. Aksjeloven og allmennaksjeloven.**

Er eige rettssubjekt.

Kommunen og private aktørar er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontrollen kan omfatte eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

**8. Samvirkeforetak (SA). Samvirkeoven.**

Er eige rettssubjekt. Samvirkeforetaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til føretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

Medlemene er eigarar. Årsmøtet er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

**9. Stifting. Stiftelsesoven.**

Eige rettssubjekt. Med stifting blir det foreslått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført stiftinga

Det er ingen eigarar. Stiftingar er sjølveigande.

Kontrollutvalet har ingen tilsyn, utan at det er avtala.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

### **Val av organisasjonsform**

Kommunal- og regionaldepartementet seier i Kontrollutvalsboka bl.a:

«Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform har også konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa. Dette er viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Dette er eit tema som også eigarskapsstrategien for kommunen bør omtale.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap. Og sjå etter om kontroll - og tilsynskonsekvensane er vurderte.»

### **3. Formålet med selskapskontroll**

Selskapskontroll er eit middel for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

#### **Eigarskapskontroll**

Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøve kommunen sine eigarinteresser, utøve mynde slik det fastsett i den aktuelle verksemdlova, samt tek i vare kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Eigarskapskontroll avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande ramme for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

### **Forvaltningsrevisjon**

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld.

Formålet med forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein slik revisjon vil såleis ha fokus på sjølve aktiviteten og resultat i selskapet.

### **Undersøkingar**

Undersøkingar kan også gjennomførast, og kan vere aktuelt dersom det viser seg behov for å sjå på eller sjekke opp i mindre eller spesielle tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, med ei formelle reglar som då fylgjer. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld også her.

## **4. Kommunen si oppfølging av selskap**

Kommunestyret har i sak 82/12 «Eigarskapsmelding for Bremanger kommune 2012» bl.a. vedteke prinsipp, retningsliner og strategiar for Bremanger kommunen sin eigarskap.

## **5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen**

**Kontrollutvalet sitt engasjement** i selskapskontroll vil då vere svært avhengig av korleis kommunestyresak 82/12 vert følgt opp.

### **Gjennomføring - retningsliner**

- Kontrollutvalet skal utføre selskapskontroller pålagde av kommunestyret (Gjeld både eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og undersøkingar).
- Kontrollutvalet skal sjå til at Retningsliner og rutinar for eigarskap og økonomiske engasjement verkar etter føresetnadane. Jf Kommunestyresak 082/12 «Eigarmelding 2011 – 2012.
- Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Det er særleg viktig i tilfelle der vedtekne retningsliner og økonomiske engasjement ikkje vert følgt opp.
- Kontrollutvalet kan ut frå egne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
- Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor
- Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
- Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningsliner om spesielle tilhøve skulle tilseie det.

**Rapportering**

Rapporter etter gjennomført selskapskontroll skal sendast frå utførar til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den sendast til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

**Oppfølging**

Kontrollutvalet kan om dei finn det nødvendig foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinene for gjennomføring som kjem fram framom.

## 7.2 Oversikt over selskap

<b>AKSJESELSKAP (AS)</b>	<b>EIGARDEL</b>	<b>REF. SIDE</b>
Sogn og Fjordane Energi AS	2,40%	12
Firda Bilag AS	7,70%	13
Miljøvarme AS	51,0%	14
Rise Næringsbygg AS	65,93%	15
Visit Fjordkysten AS	7,0%	16
Reisemål Stryn & Nordfjord AS	2,3%	17
Ytre Sunnfjord Bedriftshelseteneste AS	1% ?	18
Origod AS	6,5%	19
Sandane industri L/L	0,1%	20
Kystvegen Måløy-Florø AS	33,3%	21
Rovdefjordbrua AS	2,7%	22
Kommunekraft AS	0,3%	23
<b>GJENSIDIGE SELSKAP</b>		
KLP		24
<b>INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)</b>		
NoMil	16%	25
<b>INTERKOMMUNALE SAMARBEID (§ 27)</b>		
Alarmsentralen Sogn og Fjordane		26
Kryss Revisjon		27
Sekom Sekretariat		28
Nordfjord IUA		29
<b>KOMMUNALE FØRETAK</b>		
Bremanger Hamn og Næring KF	100%	30
Frøysjøterminalen KF	100%	31
<b>LUTLAG/ANDELSLAG/FELLESEIGE</b>		
Biblioteksentralen AL		32
Amtskaia Felleseige		32
Rise Felleseige		32
Frøyen Ytre-Nedre Felleseige		32



# BREMANGER KOMMUNE

## Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	13.09.2012	151/12	TOM
Kommunestyret	27.09.2012	082/12	TOM

Avgjerd av: Saksansv.: Tom Joensen	Arkiv: K1-	Arkivsaknr.: 12/1951
---------------------------------------	---------------	-------------------------

### Eigskapsmelding for Bremanger kommune 2012

#### Dokumentliste:

- Framlegg til eigarskapsmelding for Bremanger kommune 2012

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

#### Kva saka gjeld:

Handsaming av kommunal eigarskapsmelding.

#### Bakgrunn for saka/saksutgreiing:

Det har vore ei jamn auke i tal selskap i kommune-Noreg dei seinare åra, og mykje tyder på at trenden held fram. Når kommunane i aukande grad nyttar utskilling av verksemd i sjølvstendige rettssubjekt og føretak, inneber dett at den politiske styringslina endrar karakter. Den tradisjonelle forvaltningsstyringa vert erstatta av eigarstyring.

Ein aktiv eigarskap er grunnleggjande for ein best mogleg lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvens for selskapa, deira disponering og marknadsposisjon. Samstundes vil ein aktiv eigarskap gje viktige signaleffektar overfor omverden og styrke kommunen sitt omdøme.

Tradisjonelt har det i Bremanger vore lite fokus på kommunen sin eigarskap i ulike selskap og føretak, men det har ved ulike høve vore signalisert eit behov for oversikt frå politisk hald. For å skaffe oversikt og danne grunnlag for eigarskapsdebatt og eit aktivt eigarskap, har rådmannen laga eit utkast til eigarskapsmelding for Bremanger kommune. Målet med eigarskapsmeldinga er å drøfte kommunen sine ulike motiv for å opprette eller delta i selskap. Vidare å få etablert prinsipp og retningsliner for kommunen si eigarstyring, råmer for utøving av eigarskap i ulike selskapsformer, samt prosedyrar for oppfølging av selskap.

Det finst ingen fast «mal» for korleis ein eigarskapsmelding skal sjå ut, og kommunar har ulike innfallsvinklar til arbeidet. Etter KS Eierforum si oppfatning bør ei eigarskapsmelding minimum ha tre hovupunkt:

- Politiske og juridiske styringsgrunnlag knyta til dei ulike selskaps- og samarbeidsformene
- Oversikt over kommunen sin verksemd som er lagt i selskap og samarbeid med selskapa
- Føremålsdiskusjon og selskapsstrategi knyta til dei ulike selskapa.

#### **Vurdering:**

Ei eigarskapsmelding vil bidra til å gje oversikt over kommunen si samla verksemd. Det vil gje dei folkevalde mulegheit til å setje seg inn i dei juridiske styringsmulegheitene som ligg i dei ulike selskapsformene. Det vil også bidra til auka openheit overfor innbyggjarane i høve til den samla kommunale verksemda. Gjennom ei eigarskapsmelding kan kommunen dessutan gje meir overordna styringssignal til selskapsstyra, t.d. politiske målsettingar knyta til miljø, likestilling etikk osv.

Ein aktiv eigarskap og eigarstyring er noko kommunen må utvikle over tid og gjennom prosessar som involverar dei folkevalde og der erfaringane vert brukt til stadig å forbetre eigarstyringa. Dette tilseier at kommunestyret årleg bør gjennomgå og ev. revidere eigarskapsmeldinga.

Framlegg til Eigarskapsmelding 2012 ber preg av å vere første versjon, og må bearbeidast vidare i seinare versjonar.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen rår formannskapet til å rå kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til eigarskapsmelding 2012 vert vedteke slik den ligg føre.
2. Formannskapet, som eigarskapsutval, jf. pkt. 6 i eigarskapsmeldinga, får i oppdrag å følgje opp selskap der det i eigarskapsmeldinga vert stilt spørsmål om kommunen sin eigarskap er føremålstenleg.

#### **13.09.2012 Formannskapet**

#### **FSK-151/12 Vedtak:**

Rådmannen rår formannskapet til å rå kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til eigarskapsmelding 2012 vert vedteke slik den ligg føre.
2. Formannskapet, som eigarskapsutval, jf. pkt. 6 i eigarskapsmeldinga, får i oppdrag å følgje opp selskap der det i eigarskapsmeldinga vert stilt spørsmål om kommunen sin eigarskap er føremålstenleg.

.....



### **27.09.2012 Kommunestyret**

Framlegg til nytt vedtak frå Leo Cirotzki (Ap)

1. Framlegg til eigarskapsmelding 2012 vert vedteke slik den ligg føre.
2. Formannskapet, som eigarskapsutval, jf. pkt. 6 i eigarskapsmeldinga, får i oppdrag å følgje opp alle selskap i eigarskapsmeldinga .

Det vart røysta for dei to framlegga opp mot kvarandre.

Samrøystes vedtak som framlegget frå Leo Cirotzki

### **KST-082/12 Vedtak:**

1. Framlegg til eigarskapsmelding 2012 vert vedteke slik den ligg føre.
2. Formannskapet, som eigarskapsutval, jf. pkt. 6 i eigarskapsmeldinga, får i oppdrag å følgje opp alle selskap i eigarskapsmeldinga .

.....

## 024/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 OG MERKNADER - BREMANGER

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 10.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	19.10.2012	024/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2012 Bremanger.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslista 3-2012 Bremanger vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 BREMANGER**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 10.10 2012

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

### Oppfølgingsliste 3-2012 - Bremanger.

#### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvals-arbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
25/11 Forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	14.11.11		14.11.11: Tilråding til kst. 14.11.11 s/kst. 19.01.12 Vedtak kst sak 010/12
26/11 Overordna analyse	14.11.11		14.11.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS 07.02.12 Brev frå KRYSS til Bremanger k
002/12 Skriv og meldingar.	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU – - Vedrørende SM 03-12: Kontrollutvalet ber om å få tilsvaret frå kommunen. Kontrollutvalet vil oppmode om at ein set i verk tiltak snarast uavhengig av frist frå Fylkesmannen. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune. 29.05.12 Svar vedlagt KU sak 012/12 SM 11-12. 29.05.12 Lat sak om SM 03-12 stå.
003/12 Innkjøpsrutinar – orientering v rådmannen	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU: 1. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørende innkjøpsordningar. 2. Elles blir orienteringa frå rådmannen teken til vitande. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune.
007/12 Oppfølgingsliste 1 – 2012 – merknader – Bremanger kommune	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU – 2 Vedrørende val av forvaltningsrevisjon, så blir val av revisjonsprosjekt utsett til kommunestyret har vedteke Plan for forvaltningsrevisjon.
011/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	29.05.12		29.05.12 Vedtak KU – - Leiar er inhabil i sak 14-15/12. - Sak 18/12 vert flytta først på lista. - Under skriv og meldingar vert det teke opp at ein kalla inn 1. varamedlem fast. 29.05.12 E-post til utvalsmedlemene om at 1. vara må møte som fast medlem medan ein fast medlem har permisjon eitt år, samt at det blir fast ordning at 1. vara møter fast. I tida då ein av dei faste medlemene har permisjon, møter 2. vara fast. - Innkalling og sakliste er godkjent med endringane over. 10.10.12 Brev til Bremanger kommune om evt. suppleringsval til kontrollutvalet grunna permisjon.
012/12 Skriv og meldingar	29.05.12		29.05.12: Vedtak KU: - Vedr SM 28-12: For framtida be om å få

			årsmeldinga frå Kyrkjeleg Felle råd. - Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.
013/12 Årsrekneskapen 2011 – Bremagner kommune.	29.05.12		29.05.12: Tilråding til kst. 21.06.12 Vedtak kst sak 069/12
014/12 Årsrekneskapen 2011 – Frøysjøterminalen KF.	29.05.12		29.05.12 Tilråding til kst. 21.06.12 Vedtak kst sak 067/12.
015/12 Årsrekneskapen 2011 Bremanger Hamn og Næring KF.	29.05.12		29.05.12 Tilråding til kst 21.06.12 Vedtak kst sak 065/12.
016/12 Årsrekneskapen 2011 – Svelgen Idrettshus.	29.05.12		29.05.12 Tilråding til kst 21.06.12 Vedtak kst sak 068/12.
017/12 Årsrekneskapen 2011 Bremangerhallen	29.05.12		29.05.12 Tilråding til kst 21.06.12 Vedtak kst sak 066/12
018/12 Orientering peleie- og omsorgstenesta.	29.05.12		29.05.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
019/12 Oppfølgingsliste 2 – 2012.	29.05.12		29.05.12 Vedtak KU – Teke til vitande.

Oppdatert 10.10.12.